

Årsrapport 2013



BJØRGVIN BISKOP OG BJØRGVIN BISPEDØMERÅD



Innhald

1	Situasjonen i bispedømet	2
	Generell tilstandsvurdering	5
	Medlemsskapsutvikling	5
	Barn og unge	6
	Trusopplæring	7
	Diakoni og samfunnsengasjement	7
2	Resultat, kyrkjeleg sektor	8
2.1	Gudstenesteliv	8
2.2	Trusopplæring	10
2.3	Diakoni	12
2.4	Kyrkje og kultur	12
2.5	Demokratiutvikling	15
2.6	Barn og unge (inkl. Ungdomsåret)	16
2.7	Misjon	18
2.8	Menneske med utviklingshemming	18
2.9	Forbruk og rettferd	19
3	Prestetenesta	20
3.1	Prestedekning	20
3.2	Organisering og leiging av prestetenesta	25
3.3	Arbeidsvilkår	26
3.4	Kompetanseutvikling	26
3.5	Retreat	26
3.6	ABV	26
3.7	Likestilling presteskapat	27
3.8	Leiging og samvirke	27
4	Forvaltning	28
4.1	Tilskotsforvaltning	28
4.2	Økonomiforvaltning	28
4.3	Miljøarbeid	28
4.4	Bispedømekontoret	28
4.5	Kyrkje- og kyrkjegardsforvaltning	31
4.6	Bispedømerådet	31
	Vedlegg	31

Bjørgvin biskop og bispedømeråd
Postboks 1960, 5817 Bergen
Telefon 55 30 64 70
E-post: bjoergvin.bdr@kyrkja.no
www.kyrkja.no/bjorgvin

Ansvarleg redaktør:
Stiftsdirektør Jan Ove Fjelltveit
Utforming: dragefjell.no

1. Situasjonen i bispedømet

1.1 Brei vurdering av den kyrkjelege situasjonen i Bjørgvin bispedøme

Stor glede over Ungdomsåret 2013!

Det gjekk som vi håpa. Året 2013 vart gjennomgåande prega av bispedømet si storsatsing: Ungdomsåret 2013 (U2013). Vi drog i gang dette prosjektet fordi kyrkja sitt tilhøve til unge menneske mellom 15 og 25 år utan tvil er vår største utfordring. Mens vi ser svært mykje til svært mange 15-åringar i samband med konfirmasjonen, ser vi svært lite til dei fleste av dei etterpå. Det ville vi gjera noko med. Difor U2013! No er prosjektet U2013 avslutta, og saman med denne årsrapporten for bispedømet legg vi ved rapporten for Ungdomsåret. Han er skriven av vår utmerkete prosjektleiar, Arnt Johan Vistnes.

Kva gjorde U2013 med kyrkja og med ungdomane i Bjørgvin? Ein heil del, det syner rapporten. Men alt som skjedde veit vi ikkje. Kanskje veit vi meir om effekten av U2013 i 2018. Målet var å få i gang ein langvarig prosess der kyrkjelydane blir medvitne ansvaret dei har for sine unge medlemmer og gjev dei inspirasjon til å ta nye grep lokalt. Vi må ikkje venne oss til at kyrkja blir borte for ungdomane straks dei kvite konfirmantkappene er lagt av.

Vennskap er særst viktig for ungdom, og vi valde difor «*Venner for livet*» som vårt motto for U2013. Med dette mottoet ville vi først og fremst seie at Jesus vil vere vår venn for heile livet, dernest at vi skal vere venner med kvarandre og med menneske og skaparverket. Saman med mottoet har vi også gjort mykje bruk av ikonet «*Jesus og hans venn*». Både mottoet og bildet har fungert godt i formidlinga. Som ein del av U2013 fekk vi laga ein rekke gjenstandar som vi delte ut, mellom dei ei spesialutgåve av Det nye testamente og eit gripekors i tre. På stiftsmøtet, som heile vegen var prega av U2013, kunne vi presentere eit nytt studiehefte med innføring i Bibelen. Det heiter «*Opp-Ned*» og er utarbeidd av ressurspersonar frå bispedømet.

Kyrkja møtte fleire unge enn i 2012

Ei rekke arrangement fann stad som del av Ungdomsåret. Det vart halde 34 fleire

ungdomsgudstenester og 7000 fleire var til stades ved ei slik gudsteneste enn i 2012. Det vart ikkje opna nye kyrkjelege ungdomsklubbar og – kafear for ungdom i konfirmantalden i 2013, men det var 40% fleire som møtte fram på dei som allereie var i drift. Andre former for tiltak retta mot denne aldersgruppa auka frå 45 til 69, og fleire enn dobbelt så mange møtte fram.


Vi hadde særleg eldre ungdomar etter konfirmasjonsalder i fokus under U 2013, og tiltak retta inn mot desse syner også ein auke. Ved ungdomsklubb/ungdomskafé for denne aldersgruppa var det 126% auke i talet på deltakarar. Det vart vidare ei god auke i tilbod om leiartrening for ungdom og fleire tok del. Andre former for ungdomstiltak har også auka og det har vore 984 deltakarar på desse mot 268 i 2012.

Vi ser altså ein god vekst på fleire område i ungdomsarbeidet. Sjølv om vi framleis har lite kontakt med dei fleste etter konfirmasjonsalder må vi ha lov til å glede oss og vere stolte over dette spranget oppover. Auken er så markant og så gjennomgåande at den utan tvil må skuldast Ungdomsåret, og truleg særleg satsinga på november som ungdomsmånad med mange ekstra tiltak.

For eigen del var eg med på svært mange ulike arrangement i høve U2013. I ein særleg glans står turen over ei veke til Taizé i Frankrike med fem andre leiarar og 15 ungdomar. Det ga både tru og håp å kunne syngje og be saman med meir enn 3000 unge menneske frå om lag 80 ulike land.

Eit av dei mange tiltaka frå U2013 som eg trur vil ha varig effekt er «Ungdomskatedralen St. Jakob» i Bergen. Her har Bergen Domkirke menighet satsa mykje pengar og henta inn gode folk; og denne flotte fleirbrukskyrkja kan få stor verknad for ungdomsarbeidet i byen. Det kjentes meningsfullt å feire avslutningsgudsteneste for U2013 nett her.

I si oppsummering i rapporten for U2013 skriv Arnt Johan m.a. følgjande: «*Når det gjeld kristen tru så har ungdom mindre kunnskap enn før, men samstundes*



T.v: Ikonet «Kristus og abbed Mena» frå ca år 600 var symbol for ungdomsåret i Bjørgvin. Under: Turen til Taizé var eitt av fleire høgdepunkt i ungdomsåret.
 FOTO: BJØRGVIN BISPEDØMEKONTOR

er dei meir opne og nysgjerrige for kristen forkynning fordi dette blir opplevd som noko nytt og spennande.»

Eg trur han treff godt her. Det gjer han også når han understrekar at U2013 ikkje er eit lukka kapittel, men ei satsing som held fram slik at «Jesus Kristus skal vera venn for livet også i 2014 og i åra som kjem...»

Johan Nordahl Brun-prisen


For andre gong fekk eg i 2013 dele ut Johan Nordahl Brun-prisen saman med ordføraren i Bergen og dagleg leiar i Kirkens Bymisjon. Ingen av oss var i tvil om kven som skulle få prisen nett i Ungdomsåret. Det blei **Kjell Grønner** som for snart 50 år sidan starta Ten-Sing Bergen. Slik drog han i gang ein bevegelse som har skapt utruleg mykje godt både i kyrkja, i kulturlivet og i samfunnet elles. Mange møtte då også fram i Korskyrkja for å vere med og hylle prisvinnaren.

Gudstenestene

Dei førebels tala tyder på at oppmøtet ved gudstenester på sun- og heilagdaggar gjekk ned med 0.8%, men fordi det var færre gudstenester blei gjennomsnittet det same som i 2012: 99,4. Totaltalet for alle gudstenester viser ei nedgang på 4 %, men talet på deltakarar har gått ned med berre 1 %. Det gjennomsnittlige fram-møtet på gudstenestene auka frå 90,6 til 94. Dermed er vi tilbake på det same gjennomsnittlege fram-møtet for alle gudstenester som i 2011. Det er førebels ingen ting som tyder på at gudstenestereforma vil auke fram-møtet. Mange stader melder ein likevel om at reforma har skapt ny forståing for innhaldet i dei ulike ledda i gudstenesta og tatt fleire med inn i gudstenestearbeidet både før og under sjølv handlinga. Det er gledeleg!

Samla sett ser det ut som om *involvement* er det slagordet frå reforma som står seg best. Sjølv om vi også langt på veg kunne ha realisert meir involvering i ramma av den ordninga vi hadde før, er det liten tvil om at reforma her har gjort ein skilnad til det betre.





Figur 1.1: Utviklinga av dåps- og konfirmasjonsprosenten 2002 - 2012.

Då er det langt verre med prinsippet om *stadeiegjering*. Ikkje mange skjønar kvifor det er ei vinning at ein kan velje om syndsvedkjenninga skal stå først eller midtveis i gudstenesta. Endå færre kjenner glede over å oppleve seg som framande når dei kjem til ei kyrkje med andre melodiar enn dei er vande med. Dette gjeld for vanlege kyrkjefolk, men kanskje endå meir for prestar som gjer teneste i fleire kyrkjer i eit prosti.

Her må alle med leiaransvar i kyrkja gjere kva vi kan for å hindre at forvirringa tar overhand.

Trusopplæringa

I 2013 fekk vi vite at alle prosti i bispedømet endeleg skal få statlege midlar til trusopplæringa. Det har skapt stor glede i alle leirar. Vi ser fram til at også kyrkje-lydane i dei siste prostia skal få utarbeidd sine planar, tilsetje folk og kome i gang. Erfaringa frå reforma så langt syner at det er viktig ikkje berre å definere breid-tiltak i planverktøyet, men også sjå på heilskapen av tilbod til barn og unge når ein godkjenner planar.

Også i 2013 valde færre medlemmer i kyrkja å døype barna sine. Dette gjeld særleg i Bergen, men tendensen er også merkbar i nokre distrikt. Dette er ei stor utfordring for kyrkja. Slik er satsinga på trusopplæringa særskild velkomen og særskild naudsynt. Det same gjeld vår satsing på ungdom. Det er dagens tenåringsar som om få år skal velje om dei vil døype barna sine eller ikkje.

Samlivsetikken

Det er stor debatt kring samlivsetikken i vår kyrkje, som i dei fleste andre kyrkjer.

Sjølv var eg med i utvalet som la fram si innstilling «Saman» i februar 2013. I april kalla eg inn alle prestane til to fagdagar (ein i Hordaland og ein i Sogn og Fjordane) der eg gjorde greie for mitt eige syn, samstundes som eg fekk to prestar til å sjå innstillinga i kritisk perspektiv frå høvesvis høgre og venstre.

Eit hovudmål med desse dagane var å bidra til ein open og nyansert dialog. Det må ikkje bli slik mellom oss i kyrkja at vi ikkje vågar å tala sant saman om desse spørsmåla fordi vi er redde for at fellesskapet ikkje tolerer det.

Avslutning


Også i år har eg berre kunne trekke fram nokre sider ved det breie og gode arbeidet som skjer i Bjørgvin. Særleg har eg gitt stor plass til Ungdomsåret. Det skulle då også berre mangle. Vi satsa stort og vi lukkast i mykje, om enn ikkje i alt. Uansett satsar vi vidare på arbeidet for å nå nye generasjonar med evangeliet om at Jesus er vår venn både for livet og for æva. Slik vil vi bidra til å verkeleggjere vår visjon:

Saman vil vi ære Den treeinige Gud, ved å forkynne Kristus, bygge kyrkje-lydar og fremje rettferd!

Halvor Nordhaug, biskop i Bjørgvin



Frå vigslinga av Etne kyrkje, 1. september 2013. FOTO: DAG SMEMO



Figur 1.2: Konfirmanttal 2000 - 2013.

1.2 Generell tilstandsvurdering

Hovudmål:

DNK skal vere ei landsdekkande, lokalt forankra kyrkje som inviterer menneske i alle aldrar og livssituasjonar til tru og fellesskap. Kyrkja skal bidra til å styrke lokalsamfunn, målbare menneskeverdet og utfordre til solidaritet. DNK skal vera ei bekjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.

Kyrkjelege handlingar

Alle tal i årsmeldinga bygger på førebels tal innsamla gjennom kyrkjelydane og fleire kanalar og er ikkje kvalitetssikra SSB-statistikk og kan difor vera unøyaktige. For nøyaktige tal, sjå vedlegg med sperrefrist 17. mars.

Dåp og konfirmasjon

Dei førebels tala for 2013 viser at 5188 vart døypte (5356 i 2012), ein nedgang på 3%. 5740 vart konfirmerte (5904 i 2012), også ein nedgang på 3%. Vi har enno ikkje talet for konfirmasjonsprosent i forhold til årskullet, men 91,8% av 15-åringar som er medlemmer vart konfirmerte og i 2013 vart 120 14- og 15-åringar døypte, det utgjør 2,6% av alle døypte.

Medlemsskapsutvikling

Medlemstalet er svært stabilt, frå 2010 til 2012 auka det med 0,08% og i 2013 gjekk det ned med 0,13%, til saman vert det ein nedgang på 0,05% på fire år. Derimot er talet på tilhøyrande aukande. Frå 2010 til 2013 har det auka med til saman 5%. Når talet på tilhøyrande aukar meir enn medlemstalet, tyder dette på at det er fleire som ikkje vert døypte.

Dåpsprosenten går ned meir enn medlemsskapsprosenten. Bjørgvin hadde i 2012 ein dåpsprosent på 72,2%, ein nedgang på 5,7% sidan 2008 og ein medlemsprosent på 80,7%, ein nedgang på 4,7% sidan 2008, dette er litt betre enn for landet sett under eitt. Som det går fram av tabellen på side 6 er dåpsprosenten lågast i Bergen, deretter kjem prostia nærast byen, Vesthordland og Nordhordland som båe opplever stor tilflytting.

Det er rimeleg å tru at ein del av borna heimehøyrande i desse prostia vert døypte der dei kjem frå, noko som forklarar at Nordfjord har over 100%.

Vigsel

Dei førebels tala viser at det var 86 færre vigslar i bispedømet i 2013 (997 i forhold til 1089 i 2012), ein nedgang på 8%. Det var 24 forbønshandlingar for borgarleg inngått ekteskap mot 19 i 2012.

Medlemsutvikling i Bjørgvin	2010	2011	Endring 2010-11	2012	Endring 2011-12	2013	Endring 2012-13
Medlemmer	475196	475573	0,08 %	475594	0,00 %	474959	-0,13 %
Tilhøyrande	13848	14015	1,21 %	14413	2,84 %	14585	1,19 %
Sum, medl. og tilhøyrige	489044	489588	0,11 %	490007	0,09 %	489544	-0,09 %

Tabell 1.1: Medlemstal 2010 - 2013.

Døypete	2013		2012			2008-2012		
	(Eigne tal)	(Usikra SSB-tal)	Døypete	Dåpspst	Medlemspst	Døypete	Dåpspst	Medlemspst
Bergen	1807	1807	1 857	54,0 %	74,6 %	-190	-5,2 %	-5,4 %
Hardanger og Voss	390	383	382	92,3 %	86,8 %	-62	-15,2 %	-4,1 %
Indre Sogn	256	*217	236	89,7 %	88,0 %	-24	-1,8 %	-4,0 %
Midhordland	285	302	336	92,6 %	85,2 %	-15	7,0 %	-4,6 %
Nordfjord	311	284	339	104,0 %	85,8 %	17	12,8 %	-4,8 %
Nordhordland	605	488	492	83,1 %	85,0 %	-8	-14,9 %	-3,8 %
Sunnfjord	439	*400	428	91,5 %	86,6 %	-41	-6,5 %	-4,0 %
Sunnhordland	605	605	649	93,5 %	85,0 %	-17	-4,1 %	-3,7 %
Vesthordland	644	592	578	71,0 %	83,8 %	-47	-8,6 %	-3,6 %
Ytre Sogn	0	*110	110	98,2 %	87,2 %	-36	-34,5 %	-3,9 %
Bjergvin	5342	5188	5 407	72,2 %	80,7 %	-423	-5,7 %	-4,7 %
Heile landet		36447	38 357	63,7 %	75,8 %	-4 242	-6,8 %	-4,9 %

Tabell 1.2: Dåpsprosenten av talet på fødte og delen kyrkjemedlemmer av heile befolkninga, prostivis, 2008 - 2013. På tidspunktet for årsmelding er tala usikre, til dømes viser førebels dåpstal i den usikra statistikken frå SSB 5188 dåp, egne innsamla tal gjennom prostane viser 5342, utskrift frå medlemsregisteret 31.12.2013 viser 4620 døypete i 2013. * For samanlikninga si skuld er dåpstala rekna ut etter same prostigrensar som i 2012.

Inn- og utmeldingar

Talet på utmeldingar ser ut til å ha stabilisert seg (649 i 2013 mot 625 i 2012) og er no 3,8% høgare enn i fjor, men er gått vesentleg ned dei siste åra og er no det halve av kva det var i 2009, då det var «opptryding» i medlemsregisteret i samband med kyrkjevalet. Talet på innmeldingar har gått ned med 24, noko som tilsvarar 15,9% (frå 124 i 2012 til 105 i 2013).

Barn og unge

Barn

Det kontinuerlege barnarbeidet (ikkje trusopplærings tiltak) viser i følgje førebels tal ein viss nedgang, medan trusopplærings tiltaka aukar.

Unge

Dei førebels tala viser at det har vore 34 fleire ungdomsgudstenester, det er ein auke på 12% frå 282 i 2012 til 316 i 2013. Det var over 7 000 fleire deltakarar frå 30.000 til 37.000. Det er ein auke på 23%. Det er utan tvil Ungdomsåret 2013 som viser seg i statistikken. Kvar ungdomsgudsteneeste har altså hatt fleire deltakarar, gjennomsnittet har auka med 10% frå 108 til 119 deltakarar.

Når det gjeld arbeid retta mot konfirmasjonsalder, 13-15 år er det ikkje er auke i talet på kyrkelege ungdomsklubbar og ungdomskafear, det er 71 som i fjor, men det er heile 40% fleire deltakarar (2897 mot 2073 i 2012). Andre tiltak retta mot ungdom i same aldersgruppe har auka med 53% (69 mot 45 i 2012) og her er det 124% auke i deltaking (1468 mot 656 i 2012).

Tiltak mot litt eldre ungdomar, etter konfirmasjonsalder syner òg ein auke. Det er 21% fleire tilbod om ungdomsklubb/ungdomskafe/nattkafe og 126% auke i deltakarar. Det er eit ekstra idretts-tilbod/KRIK men 11% fleire deltakarar.

Det er 12% auke i tilbod om leiarutdanning for ungdom og 30% fleire deltakarar. 26 melder at dei har bibelgrupper eller opplærings tiltak med 222 deltakarar. Andre ungdomstiltak har auka med 50% (33 mot 22 i 2012) og det er over tre og ein halv gong så mange deltakarar (984 mot 268 i 2012).

Samarbeid mellom skule/barnehage og kyrkje

Trusopplæringsreforma har fått mykje merksemd dei siste åra, men vi har i Bjergvin også lagt stor vekt på å løfte fram samarbeidet mellom skule/barnehage og kyrkje. Kyrkje er ein samfunnsinstitusjon på lik linje med barnehage/skule, og ein har lange tradisjonar for godt samarbeid.

Kva samarbeid som finst på dette området, kan på mange måtar også påverke korleis ein lukkast med trusopplæringa i kyrkjelyden. Derfor ber vi om at plan for skule/barnehage-kyrkjesamarbeidet blir lagt med som vedlegg til trusopplæringsplanen. I dette ligg det også et insitamant til å ikkje gløyme skule/ barnehage-kyrkjesamarbeidet.

Dessverre viser statistikken jamt over ein nedgang når det gjeld barnehagar og skuleklassar sine besøk i kyrkje, og prest/kyrkja sine besøk i skuleklassar og barnehagar. Det er nærliggande å tenke at nye oppgåver i trusopplæringa og arbeidspress generelt kan vere ei medver-

kande årsak til at «må-ikkje-oppgåver» blir nedprioriterte. Her har vi ei utfordring å ta tak i! Etter kvart som dei fleste kyrkjelydane er innfasa i trusopplæringsreforma, vil også rådgjevarane på bispedømenivået kunne bruke meir tid på inspirere til samarbeid mellom kyrkje og barnehage/skule.

Når det gjeld skulegudstenester er det alltid litt uro rundt dette i førjulstida, der Humanetisk forbund jamleg kjem på banen med kritiske innspel. Likevel, tradisjonen med skulegudstenester står sterkt i Bjergvin, og det er ei utbreidd forståing for at dette er heilt «lov» innanfor dei kriteriana som departementet har sett.

Vi jobbar medvite med å informere om desse kriteriana og kor viktig det er å følgje spelereglane. Biskopen har det oppe på alle visitasar han er på, også i møte med skule- og barnehageutsette.

Våren 2013 (4. juni) tok HEF i Hordaland initiativ til eit møte på rådhuset i Bergen der temaet var samarbeid mellom skule/barnehage og kyrkje, med vekt på skulegudstenester. Jens Brun-Pedersen møtte saman med politikarar i Bergen/Hordaland. Kyrkje var ikkje representerte i panelet, men deltok som tilhøyrar med talerett. Kyrkje møtte med m.a. rådgjevar for undervisning på bispedømekontoret Kristin Lødøen Hope og domprost Jan Otto Myrseth. Konklusjonen er; HEF mislikar det, men skulegudstenester er lov så lenge ein følgjer retningslinjene.

Statistikken viser at arbeidet med å legge grunnlaget for og oppmuntre til skulegudstenester ser ut til å ha slått positivt ut. Det har ikkje blitt færre skulegudstenester! Etter ein nedgang i 2012 til 429 frå 456 i 2011 er det i 2013 ein oppgang til 441, det tyder på stabilitet med eit tal som svingar litt frå år til år. Deltakinga på skulegudstenester har gått opp med 5% frå i fjor og ligg litt over 2011-nivået.

Det har også vore omtrent like mange barnehagegudstenester i 2013 som i 2012, men det har vore 8% fleire deltakarar.

Ungdomsdemokratiet

I samband med ungdomsåret fekk også ungdomsdemokratiet med ungdomsråd og ungdomsting ekstra merksemd. Ungdomsrådet har jobba med å få enda større auke på deltaking ved UT. Dette gjennom ringerundar, brosjyrar, promoteringsfilm, og deltaking på enkelte arrangement. Målet har vore å få tak i kontaktpersonar i alle sokn. Det har òg vore flittig bruk av facebook.

Tre medlemmer av ungdomsrådet var med biskopen til Taizé i august 2013. Dette var ein tur der dei rapporterte å ha lært om kor viktig det er med eit økumenisk fellesskap og god dialog. Ungdomsrådet var òg representert på Ungdommens kyrkjemøte som i 2013 var i Bergen. Leiaren i Ungdomsrådet vart vald som representant til kyrkjemøtet 14 i Kristiansand.

Ungdomsarbeid

Det er vanskeleg å seia i ein kort setning korleis det står til i Ungdomsarbeidet i Bjørgvin. Ungdomstinget 2013 la vekt på følgjande: «UT13 ser at det kan vere forskjellar på ressursar og profil mellom ungdomsarbeid frå sokn til sokn. Nabosokn kan ha ulikt «trykk» på ungdomsarbeidet. UT13 ser at det kan vere meningsfullt og til glede for mange med samarbeid på tvers av soknegrensene. Slik kan kristen ungdom oppleve at dei er fleire og høyrer til i ei større kyrkje. Ein får høve til å bli kjent med fleire som deler same trua.» UT03/13.

Ungdomsarbeidet står sterkt nokon stader og svakare andre stader i bispedøme. Men alle stader er det ei felles utfordring å få ungdom med seg vidare etter konfirmasjon. Å få ungdom med seg og gjere dei til aktive kyrkjelydsmedlemmer er viktig for kyrkjelydane no, i framtida og for rekruttering til kyrkjeleg teneste. Difor ville biskopen satsa på eit eige ungdomsår.

Trusopplæring

Det blir jobba generelt godt med trusopplæring i bispedømet. Fokuset på trusopplæring og breiddetiltak for barn og unge gjennom trusopplæringsreforma har smitta over til dei kyrkjelydane som enno ikkje har fått midlar frå reforma. Det ser vi synlege teikn på i form av gjennomføring av nasjonale breiddetiltak m.m.

Arbeidet med reforma og prosessen rundt godkjenning av planar dei siste åra, har ført til at dei planane som vart sendt inn for godkjenning av biskopen i år var svært gode. Det er vi stolte av. Arbeidet med å utarbeide gode skriv for hjelp i planskrivingsprosessen («Generelle råd for utarbeiding av gode trusopplæringsplanar», «Nokre eksempel på gode formuleringar i trusopplæringsplanen» m.m.), planskrivingskurs og rådgjeving har bore frukt!

I 2013 har vi hatt ungdomsår i Bjørgvin, noko som har ført til at målgruppa 15-18



Frå «Kick off Sunnhordland». FOTO REIDUN LAUKSUND

i trusopplæringa har fått meir fokus. Særskilt har ein lagt vekt på det kritiske året etter konfirmasjonen, og fleire kyrkjelydar har gjort ein stor innsats for å gje eit tilbod til denne gruppa. Eit resultat av ungdomsåret var bibelstudieopplegget «OPPNED» som var initiert av biskopen, utvikla av Sindre Skeie, Geir Endre Kristoffersen og Joakim Stegen Tischendorf og gitt ut av Verbum hausten 2013, retta mot nettopp denne gruppa. I samband med «Ungdomsårs månaden» i november rapporterte kyrkjelydane om 28 særskilte tiltak for fjorårskonfirmantar.

Utfordringa med omsyn til trusopplæringa og gjennomføringa av reforma har to ytterpunkt i Bjørgvin. 1) Store kyrkjelydar (100-300 pr årskull) har god gjennomføringsevne, men slit med å få høg oppslutnad på tiltaka. 2) Små kyrkjelydar i grisgrendte strøk har høg oppslutnad, men slit med å få nok folk til gjennomføring av alle tiltaka. Små kyrkjelydar er også særskilt sårbare for vakanse i stillingar; det er få i staben å spele på lag med.

Vi ser at det er høg turnover i trusopplæringsstillingar og trur at det er ei av årsakene. Det har også gjerne samanheng med ei anna stor utfordring; å få kvalifiserte søkarar til slike stillingar. Dette er utfordrande både fordi vi har få kateketar og kyrkjelydspedagogar å ta av og fordi stillingane mange stader er veldig små. Dei fleste vil ha full stilling.

Diakoni og samfunnsengasjement

Det vi får inn av diakoniplanar viser at mange er nokså tynne og heng fast i ei litt

snever tenking av kva diakoni er og kva oppgåver ein kan gjera. Det finst veldig mykje kompetanse som ein kunne nytta i det diakonale arbeidet i kyrkjelydane, ikkje minst blant frivillige. Diakoniutvalet i Bjørgvin arbeider med eit verktøy som skal bidra til å gjera planane og dermed det diakonale arbeidet betre. Sjå kap. 2.3.

Menneske med utviklingshemming

Arbeidet med og for menneske med utviklingshemming er viktig for kyrkja, og det vert gjort godt arbeid mange stader i bispedømet. Det trengs likevel ei klårare prioritering av dette arbeidet, og ei betre samordning. Det kan vere mykje å tene på å samle informasjon og distribuere idear og moglege arbeidsformer betre.

I nokre kyrkjelydar blir det drive klubbarbeid for utviklingshemma. Kyrkjeleg tilsette har andaktar på dagsenter og klubbar, også i 2013 har vi hatt Bli kjent i kyrkja-kurs, og nye er planlagt for 2014. Ei bok om slike kurs kjem ut i 2014, og vår rådgjevar Leif Arne Økland er ein av forfattarane.

Tilrettelagte gudstenester er vanleg nokre stader, andre plassar blir kyrkjelyden si hovudgudsteneste nokre gonger planlagt og gjennomført saman med grupper der dei utviklingshemma har sin plass. Vi får meldingar om gode opplevingar og viktige møte. Samtidig veit vi at det er ein veg å gå før vi er der vi ønskjer å vere på dette feltet.

Forbruk og rettferd

Sjå kap. 2.10

2. Resultatrapport, kyrkjeleg sektor

2.1 Gudstenesteliv

Styringsparameter:

Fornyng av kyrkja sitt gudstenesteliv.

Resultatmål:

Auka gudstenestedeltaking.

Kyrkja sitt gudstenesteliv skal fornyast slik at det gjev større rom for fleksibilitet og valfridom i kyrkjelydane, meir involvering frå fleire deltakarar og sterkare lokal forankring av gudstenestelivet.

Indikator 1:

Gjennomsnittleg gudstenestedeltaking.

Indikator 2:

Gjennomsnittleg gudstenestedeltaking på sun- og helgedagar.



Bibelutdeling i Fjaler. FOTO: JOY TAYLOR


Dei førebels tala tyder på at talet på gudstenester på sun- og heilagdagane gjekk ned med om lag ein prosent (47 færre frå 6573 i 2012 til 6527 i 2013). Dette tilsvarear ei kvart gudsteneste mindre per sokn og er innanfor normale svingningar som er kalenderavhengige.

Når det gjeld andre gudstenester


utanom sun- og heilagdagane tyder dei førebels tala på at det var 14 prosent færre i 2013 enn i 2012 (323 færre frå 2377 i 2012 til 2054 i 2013), men det var fleire deltakarar slik at gjennomsnittet per gudsteneste utanom sun- og heilagdagane vart 77, ein oppgang på 11 prosent frå 2012, mne same nivå som i 2011.

Det er grunn til å tru at ein del av desse har samanheng med at trusopplæringa i dei store kyrkjelydane ofte fører til fleire spesialgudstenester på andre dagar enn søndag.

Oppmøtet på sun- og heilagdagane gjekk ned med 0,8 prosent frå 2012 til 2013. (frå 653 742 i 2012 til 648 597 i 2013),



Figur 2.1: Gjennomsnitt deltaking på gudstenester 2004 - 2013



Figur 2.2 : Tal på gudstenester 2004 - 2013

Djupdykk i lokale grunnordningar

Ein gjennomgang av alle dei lokale ordningane viser at hovudtrenden er å ta vare på det kjende, men det er så mange alternativ og lokale variantar at det er vanskeleg å ha oversikt.

Alle variantane og den lite hensiktsmessige gudstenestepermen gjer at dei fleste ikkje bruker perm, men lagar eige oppsett. Det er nok og ein tendens til at prestane ikkje fylger den lokale ordninga slik den står. Dette er ein utfordring når det kjem vikarar fordi mange ikkje er flinke til å laga fullt utskrivne gudstenesteagendaer eller oppsett av lokale ordningar.

- Inngangsprosjon når det er dåp 81%
- 60% står under inngangssalmen
- 60% har samlingsbøn
- 49% brukar Kyrie (bønrop) frå 1997-liturgien
- 54% brukar Gloria (lovsong) 1997-liturgien

- 90% har dåp etter Gloria, før tekstleingane
- 78% deler ut dåpslys
- 67% har kutta ut kollektbøna som var før tekslesinga
- 66% har kunngjeringane før forbøna som før
- Dei fleste brukar faste forbøner, men 69% stiller liturgen fritt
- 54% har med leddet om å minnst dei døde
- 65% har vald ny versjon av Fadervår: Vår Far
- 80% av kyrkjelydane samlar inn takkofferet etter forbøna som før
- I nattverden har 39% svart at dei ikkje vil ha med det nye leddet «Stort er trua sitt mysterium» og 66% seier nei til utvida fredshelsing med handhelsing i benkene og 47% vil ikkje ha brødsbryting. Kva som faktisk skjer i dei andre kyrkjelydane er usikkert, nokon svarer ja, ein del stiller liturgen fritt og ein del har ikkje svart. 53% vil at gudsteneste skal slutta som i 1977-li-

turgien, med: «Gå i fred. Ten Herren med gledel!».

Den liturgiske musikken

Denne har vore mykje diskutert og det er ikkje nokon klar tendens bortsett frå at fleirtalet vil bruka dei gamle liturgiske melodiane. Mange har ført opp fleire melodiar til dei einskilde ledda, opptil ni ulike melodiar, men det er usikkert kva som vert brukt av det sokneråda har sagt dei kan bruka. Den einaste gongen ein av dei nye melodiane er vald av meir enn 10% er når 16% vel Egil Hovland sin Fadervår-melodi frå Salmar 97 (nr 165/166).

42% syng Kyrie på melodiane frå 1977-liturgien og 49% Gloria. I nattverden vil 53% synga Sanctus (Heilag, heilag) på 1977-melodien, 56% Agnus Dei (Du Guds lam). Til velsinginga vel 47% 1977-melodien, 41% svarar ikkje, så det er rimeleg at dei og held fast på den tradisjonelle.

men fordi det var færre gudstenester var gjennomsnittet det same som i fjor 99,4.

Talet på gudstenester totalt har gått ned med 4 prosent (369 frå 8950 i 2012 til 8581 i 2013), medan talet på deltakarar har gått ned 1 prosent (4361 frå 811066 i 2012 til 806705 i 2013) slik at gjennomsnittleg oppmøte på alle gudstenester har auka med 4 prosent frå 90,6 i 2012 til 94,0 i 2013. Det er akkurat det same som i 2011, så her er det truleg snakk om svingingar heller enn ein trend.

Nattverd

Både talet på nattverdgdustenester og nattverdgiester har gått opp. Nattverds-gudstenester gjekk opp tre prosent (112 frå 4260 i 2012 til 4372 i 2013). Talet på nattverddeltakarar har gått opp for fjerde år på rad, auken er på ein prosent (1624 frå 157877 i 2012 til 159501 i 2013).

Som følge av at talet på nattverdgdustenester aukar meir enn deltakartalet har gjennomsnittsdeltaking per nattverdgdusteneste gått litt ned frå 37,1 i 2012 til 36,5 i 2013.

Når talet på deltakarar har auka for fjerde året på rad, så dette er ein tydeleg tendens, og det er nærliggande å tru at den nye gudstenesteordninga som legg opp til at det skal vera nattverd i dei fleste hovudgudstenester kan vera ein del av forklaringa.

Indikator 3:

Tal på lokale ordningar godkjent av biskopen.

I eit stort bispedøme som Bjørgvin med 192 einingar (det er fleire gudstenestefeirande fellesskap enn sokn) har det tatt lang tid å få lest og godkjent godkjende gudstenesteplanar. Dei som leverte innan fristen i oktober 2012 fekk svar innan 1. sundag i advent. Mange sendte inn seint og mange ordningar var uklare og trong korrigerings, men alle som har levert fekk svar innan mai 2013.

Vurdering og strategiske tiltak: For at nye liturgiske ordningar skal få ei positiv innverknad på gudstenestelivet og målet om å auka gudstenestedeltaking meiner vi at det bør evaluerast av same sokneråd

som laga planane. Det vert difor tatt initiativ til ein ny, men enklare runde med godkjenning.

Tilbakemeldingane tyder på at kyrkjelydane har merka slitasje i ein periode med utprøving. Mange hadde ikkje byrja med ny liturgi før advent 2012, og 2013 har difor vore eit år med utprøving av nye liturgiske element. Fyrst etter evaluering og fornying av planar i 2014 kan ein seia at reforma har landa og ein kan sjå konsekvensen for gudstenestedeltaking.

I samband med ungdomsåret har «Ungdom og gudsteneste» vore tema på Stiftsmøtet med målsetjing å stimulera til auka involvering av ungdom i gudsteneste. Det har og vore planlagt kurs om bruk av forteljartekster, som kom med dei nye tekstlekkene, med særleg vekt på å integrera funksjonshemma i prosessen rundt preika og gudstenesta. Eit prosti har hatt kurs i 2013.

Dei førebels tala for gudstenestedeltaking som er samla inn i bispedømet viser ikkje nokon tydeleg tendens som kan tilskrivast gudstenestereforma.

2.2. Trusopplæring

Styringsparameter:

Videreføring av trusopplæringsreforma.

Resultatmål 1:

Utbreiing av trusopplæringsreforma.

88% av sokna i Bjørgvin hadde fått midlar til trusopplæring i 2013. Det er 17% fleire enn i 2012 og høgste prosent samanlikna med andre bispedøme. Bjørgvin hadde også flest sokn, 81 i driftsfasen (har godkjende planar) i 2013 og flest sokn, 78 i gjennomføringsfasen (har fått midlar og utviklar planar). Dette har samanheng med at fleire trusopplærings-einingar i Bjørgvin har mange små sokn. Bjørgvin hadde fire tidlegare prosjekt-kyrkjelydar (mellomfasen) i prosti som ikkje har fått midlar (tre prosti) i 2013.

Resultatmål 2:

Omfanget av trusopplærings-tilbodet i kyrkjelydane.

Kyrkjelydar i driftsfasen med godkjent plan har i 2013 i snitt eit tilbod om 189 timar trusopplæring for born og unge mellom 0-18 år. Dette er ein nedgang på

25 t frå året før (214 t). Dette kan ha to årsaker:

A) Kyrkjelydar som fekk godkjent plan i 2013 (kom med i driftsfasen) kan ha hatt færre timar i snitt enn dei kyrkjelydane som alt var i denne fasen.

B) Kyrkjelydar som hadde fått godkjenning med atterhald kan ha rydda opp i planane sine og fått færre timar.

Bjørgvin biskop har sett at det er svært utfordrande å fylle kravet om 315 timar trusopplæring for barn og unge, med mindre vi fyller opp med korarbeid, klubb og andre kontinuerlege tiltak. Derfor har vi i Bjørgvin lagt oss på ei linje der vi er nøye med å definere breid-detiltak i planverktøyet, men ser på heilskapen av tilbod til barn og unge i soknet når vi godkjenner planar. Det er ryddig og greitt, sikrar kvalitet på breid-detiltaka og er lett å rapportere på. Derfor godkjenner kanskje Bjørgvin biskop planar med færre tiltak enn kva tilfellet er i andre bispedøme? Når vi samanliknar ser vi at vi har færrest timar å tilby. Vi oppmodar likevel alle til å strekke seg over 200 t i planen – det bør vere realistisk å få til dei fleste stader, og vi tenker at ettersom fleire av tiltaka blir meir sjølvgåande, er det mulig å utvide planen med fleire timar.

Av dei 189 timane som driftsfasen tilbyr i sine planar, blei 152 timar gjennomførte i 2013. Det er 15 timar meir enn året før. Det er ei positiv utvikling i tråd med framdriftsplanen til einskilde sokn.

Resultatmål 3:

Oppslutnaden om trusopplærings-tilbodet i kyrkjelydar som har godkjent plan.

Oppslutnaden på tiltaka varierer. Det er lettare å få høg oppslutning i små sokn enn i store. I små sokn er ein tettare på, kjenner kvarandre og kyrkja og ein har heller ikkje så mange konkurrerande tilbod å velje i. I store sokn er det veldig mange barn og foreldre å ha oversikt over og det er vanskelegare å oppnå merksemd og interesse for kyrkja sine tiltak, mellom alle alternative tilbod som barn og unge kan velje.

Utvalde tiltak viser denne oppslutnaden blant kyrkjelydar i driftsfasen i Bjørgvin i 2013:

A) Dåpsamtale – 101% (nokre dåpsamtalar blir registrerte der dei blir døypte, men ikkje bur). Det er ein oppgang på 4% frå året før.

B) 4-års bok – 56%. Det er ein oppgang

Figur 2.3: Innføringa av trusopplæring i prostia

Fase	Prosti	Fasestart	Prosjekt i mellomfase
Driftsfasen	Nordfjord	2012	
Driftsfasen	Fana	2012	
Driftsfasen	Sunnfjord	2013	
Driftsfasen	Indre Sogn	2013	
Driftsfasen	Ytre Sogn	2013	
Gjennomføringsfasen	Sunnhordland	2011	
Gjennomføringsfasen	Midhordland	2012	
Gjennomføringsfasen	Nordhordland	2013	
Gjennomføringsfasen	Hardanger og Voss	2013	
Ventefase	Vesthordland		Fjell
Ventefase	Arna og Åsane		Eidsvåg
Ventefase	Domprostiet		Domkirken, Olsvik



på 12% frå året før. Det er likevel eit lågt tal med tanke på at utdeling av 4-årsbok har vore alminneleg i alle kyrkjelydar i mange år. Grunnen til at oppslutnaden ikkje er høgare, kan vere måten å telje på. Etter innfasing i reforma har dei fleste kyrkjelydar lagt til samlingar rundt utdelinga av 4-årsbok og desse er det vanskelegare å få høg oppslutnad på enn sjølve utdelinga i kyrkja. Samling og utdeling blir rapporterte under eitt til oss, med snittet på deltakarar.

C) 6-års tiltak – 35%. Det er ein oppgang på 12% frå året før. I og med at tiltak for 6-åringar er forholdsvis nytt, er det å håpe at vi framover vil sjå ein oppgang i oppslutnad år for år, ettersom tiltaket blir etablert og gjort alminneleg.

D) Tårnagent-opplegg for 8-åringar – 29%. Berre 1% meir enn året før. Nokre sokn har ingen oppslutnad fordi tiltaket ikkje blei gjennomført i 2013. Det har skjedd i fleire små sokn. Årsaka kan vere kapasitetsproblem, vakanse el. anna. For alle sokn i Bjørgvin viser førebels statistikk at det er 11 % fleire sokn som har dette arrangementet i 2013 enn i 2012.

E) Lys Vaken for 11-åringar – 27 %. Ein

nedgang på 5% frå året før. Det er uklart kva som fører til nedgang her. Lys Vaken har vore arrangert og hatt stor oppslutnad i heile i bispedømet (også i kyrkjelydar som ikkje har fått midlar frå reforma). Ein nedgang kan vere tilfeldig, men den kan også vere eit uttrykk for at nyheita si interesse har dala.

Ei anna årsak kan vere at små sokn slår saman årskull og har Lys Vaken t.d. annakvart år. Året i mellom har dei gjerne eit anna tiltak som ikkje klassifiserer for å rapportere på Lys Vaken. Ved å ha slike rullerande tiltak for fleire trinn, oppnår ein målet om å ha eit tilbod kvart år til alle årskull i små sokn. Men det gjer at rapporteringa på profilerte breiddetiltak kan variere frå år til år (jf. også Tårnagentar m.m.).

For alle sokn i Bjørgvin viser førebels statistikk at det er 21 % fleire sokn som har dette arrangementet i 2013 enn i 2012.

F) Konfirmasjon – 93%. Her har vi svært gode tal og er «best i klassen» saman med Møre (94%). Vi har også ein oppgang på 6% frå 2012. Tradisjon og kultur må ta mykje av æra for den høge oppslutnaden, men er det også mulig at vi her ser eit resultat av satsing på breiddetiltak i trusopplæ-

ring gjennom fleire år? Vi opplever også at mange blir døypte i forkant av konfirmasjonen (19 fjortenåringar og 101 femtenåringar vart døypte i Bjørgvin 2013). I tillegg må nemnast at kyrkjelydane jamt over har veldig gode opplegg for konfirmasjonstida og at opplegga har eit godt rykte!

G) Etter konfirmasjonen – 23%. Her har vi ein svak oppgang på 2% frå 2012. Det vil vere nærliggande, men kanskje ikkje heilt sakssvarande, å gi æra til «Ungdomsåret 2013» med auka fokus på ungdom i heile bispedøme. Effektane vil forhåpentlegvis vise seg i åra framover.

Desse eksempla viser at det er ein tendens til at oppslutnaden om breiddetiltaka i snitt har gått opp i kyrkjelydar i driftsfasen i Bjørgvin. Slik kan ein seie at målet med auka oppslutnad er nådd. Unntaket er Lys Vaken. Jamt over ligg Bjørgvin sitt resultat i det øvre sjiktet samanlikna med andre bispedøme når det gjeld oppslutnad. Det får vi seie oss nøgde med, sjølv om vi har noko å strekke oss etter på dei fleste tiltaka.

Resultatmål 4:

Talet på kyrkjelydar som har fått godkjent plan.

81 sokn i Bjørgvin har godkjent plan i 2013 (49 i 2012) og er komne i driftsfasen. Det er sokna i Nordfjord (2012), Fana (2012), Sunnfjord (2013) og Sogn (2013). Her har vi hatt ein auke på 39% frå året før.

Utfordringar framover

Etter kvart som alle sokn har godkjent plan vil det vere ei viktig oppgåve for rådgjevarane å bidra til at sokna jobbar målretta med å auke oppslutnad på tiltaka, legge til rette for fleire tiltak, evaluere det som er gjort og ev. endre planen og utvikle nye tiltak. Å halde motet oppe hos medarbeidarane, sjå dei og motivere til vidare arbeid gjennom personleg kontakt, fellessamlingar, kurs og inspirasjonsamlingar vil vere vesentleg for at trusopplæringa skal blomstre i åra framover. Gjennom å samarbeide med nærliggande høgskular (NLA) for kompetanseheving og etterutdanning vil ein kunne bidra til fagleg dyktige medarbeidarar.

Dåpsskolen i Dale. FOTO: JOY TAYLOR



2.3 Diakoni

Styringsparameter:

Styrking av kyrkjelyden si diakonale omsorgsteneste.

Resultatmål 1:

Talet på diakonar.

Resultatmål 2:

Utbreiing av diakoniplanar.

Indikator 1:

Delen kyrkjelydar som har diakonal betening: 34 prosent.

Indikator 2:

Delen sokn med lokal plan: 61 prosent (107 sokn, 120 sokn i 2012).

Det blei i 2013 tilsett ny diakoniarbeidar i bydelen Ytre Arna og Haukås i Bergen med midlar frå Bergen kommune. Med nye statlege midlar er det òg mogleg å få på plass nye stillingar andre stader, som til dømes i Fridalen og Årstad kyrkjelydar i Bergen. I Førde er det òg ønskeleg med ny bydiakon i prosjektet «Kyrkja i byen». Dette er tenkt som eit nytt prosjekt med ungdomsdiakonal profil.

Diakoniuutvalet har i 2013 godkjent diakoniplanar for fire kyrkjelydar. I tillegg har det vore arbeidd mykje med eit nytt skjema for utarbeiding av diakoniplanar i kyrkjelyden. Dette er gjort mellom anna for å styrke kyrkjelydane i kartleggingsarbeidet før planar vert vedtekne. Bispedømet har i 2013 arrangert fire fagdagar i diakoni med svært god oppslutnad frå diakonar og diakoniarbeidarar.

Korleis kan ein leggje til rette for nye diakonistillingar, byggja nettverk mellom dei ulike diakonale miljøa, lokalt og nasjonalt, og mellom dei diakonale miljø og politikarar på lokalt, regionalt og nasjonalt plan for å realisere kyrkja sin diakonale innsats?

Eit grep for å møte desse spørsmåla er etableringa av «Diakoni i Bjørgvin». Det er eit uformelt, økumenisk nettverk av leiarar for diakonale organisasjonar, institusjonar, kyrkjelydar og diakonale tiltak i Bjørgvin bispedøme – initiert av Bjørgvin bispedøme, Stiftelsen Bergen Diakonisehjem Haraldsplass og Kirkens SOS i Bjørgvin. «Medlemene» består i dag av



Kvar torsdag kan folk møte diakon Linda Bårdsen på Nesttun senter i Bergen. FOTO: BIRKELAND MENIGHET

om lag 20 ulike institusjonar, organisasjonar og kyrkjelydar som til dømes: Bergen Domkirkehjem, Stiftelsen Bergen Diakonisehjem, Stiftelsen Kirkens Bymisjon Bergen, Norsk Lærerakademi (NLA), Familiesenteret i Bergen, Frelsesarmeen/Bergen slumstasjon, Bergen Kyrkjelege Fellesråd, Kirkens SOS, Kirkens Sosialtjeneste, Stiftelsen Signo, Stiftelsen Sesam, Salem Nærmiljøstasjon/Salem Misjonsforsamling, Caritas/St. Paul Katolske kirke, Døves menighet, Bergen, Stiftelsen Hospitalet Betanien, Metodistkirkens alders- og sykehjem, Diakoniutvalet Bjørgvin bispedøme, Stiftelsen Bjørgvin Familierådgivning, Diakonifelleskapet Haraldsplass, Rådgivningskontoret for hørselshemma, KIA Bjørgvin og ulike ungdomsdiakonale tiltak.

Det har vore arrangert to stormøte i nettverket i 2013 for å kartlegge dei ulike behova, og i byrjinga av februar 2014 vil det bli arrangert eit frokostmøte. Hovudgjest her vil vere stortingsrepresentant for Senterpartiet og 1. nesteleiar i helse- og omsorgskomiteen på Stortinget Kjersti Toppe.

Eit anna grep for å styrke ungdomsdiakonien, kompetansen om ungdomsdiakonalt arbeid og som ein oppfølging av ungdomsåret i Bjørgvin, er etableringa av det som populært er blitt kalla «Shopping Mall Ministries International». Dette er ei samling av leiarar og medarbeidarar for ungdomsdiakonale tiltak i Noreg – til saman 10, av dei fire frå Bjørgvin. Gruppa har vore samla to gonger, ein

gong i Bergen og ein gong i Sandvika, Bærum. På møtet i Bergen var mellom anna Magne Supphellen, professor i merkevarebygging frå Noregs Handelshøgskule med som foredragshaldar, og Astrid Sandsmark frå Menighetsfakultetet var med på samlinga i Sandvika. Bjørgvin bispedøme har tatt initiativ til arbeidet, men det er enno ikkje formalisert og inkludert i Bjørgvin bispedøme sin strategi. Det vil det bli arbeid med i 2014.

2.4 Kyrkje og kultur

Styringsparameter:

Vidareutvikle og styrke kyrkja si rolle som kulturformidlar.

Resultatmål 1.

Auka statleg og kommunal finansiering av kultur i kyrkjene og/eller i regi av kyrkjelyd og bispedømeråd.

Indikator 1:

Talet på kyrkjelege kulturtiltak som har motteke offentleg støtte. Vi har registrert 54 kulturtiltak med offentleg støtte på i alt kr 2 457 000.

Resultatmål 2.

Auka samarbeidet mellom kyrkja og kultursektoren.

Indikator 2:

Talet på nye samarbeidstiltak: 15 samarbeidstiltak.

Resultatmål 3.

Auke kyrkjeleg kulturkompetanse.

Indikator 3:

Talet på deltakarar på kompetanseheevande kurs innan kulturfeltet i bispedømet: 33 deltakarar.

Intensjonen i bispedømet sitt kulturarbeid er å bevisstgjera kyrkjefolk på den krafta som ligg i kunsten som bodbærar og fortolkar av kyrkja sin bodskap. Det er ei målsetting at kulturrådgjevar sitt arbeid må utruste kyrkjelydane til å sjølv å bli dyktige, attraktive og engasjerte samarbeidspartnarar i lokalsamfunnet.

Samarbeidstiltak med offentleg støtte

Ei spanande nyskaping som mottar støtte frå både stat, fylke og kommune er Bergen Kirkeautunnale - festival for kirkekunst og musikk, som blir organisert av Bergen domkyrkje menighet v. domkantor. Programmet inneheld noko for ein kvar smak! Bach for dei yngste, Brahms for dei høgkulturelle, fagdagar for kyrkje-musikarane, pop for dei poppete og elektronika for dei modige.

Dei årlege kulturhendingane Vossakyrkjemessa og Kunst- og kulturuken i Olsvik menighet i Bergen er døme på breie samarbeidstiltak med minimal offentleg/lokal stønad.

Ei vidunderleg ferd

Bjørgvin bispedøme ynskjer å etablere nyskapande samarbeid med festivalane i regionen.

I ramma av Sogn og Fjordane sitt Fylkesjubileum, Stemmerettsjubiléet, Språkåret og Ungdomsåret i Bjørgvin gjekk Bjørgvin bispedøme, Festspela i Bergen, Selje kommune og Gloppen Musikkfest saman om å skipa ei reise inn i St. Sunniva sitt landskap 1. og 2. juni.

Reisa var del av Festspela sitt satelitt-program, men blei presentert på ei eiga nettside www.heilagesunniva.no. Inspirert av Sunniva-utstillinga på Bryggemuseet i Bergen i 2012 og planane om eit Kloster- og Pilegrimssenter i Selje, var det eit ynskje at tiltaket skulle føre til auka reiseverksemd/valfart langs Sunnivaleia frå Bergen til Selja.

376 publikumarar var dei som våga seg ut på ei ferd med ein ukjend agenda, ein pandoras boks med skattar frå arkeologi og historie, liturgi, pilegrimstradisjonar, teologi, religion, tru, turisme.

170 utøvarar i alle aldrar var med på å gjere ferda mogeleg. Den resulterte i meir enn 45 presseoppslag og nettsida www.heilagesunniva.no hadde 9529 treff frå februar til august. Tilbakemeldingane frå publikum synte at det var interessa for Sunniva-legenda og kunst/kultur- og musikkinnhaldet som var hovudmotivasjon for deira deltaking. Dei ønskte at arrangementet måtte vidareutviklast i samarbeid med Festspela i Bergen, men med andre reisemål, for eksempel Kinn, Halsnøy, Moster, Fana kyrkje m.m.

Sunnivareisa var eit særskilt krevjande prosjekt, med ulik forankring og engasjement hos samarbeidspartnarane. Bispedømet var prosjektleiar og sto for hovudbolken av både finansiering og gjennomføring.



Over 170 utøvarar var engasjerte på Selja og andre stader i samarbeidsprosjektet Sunnivareisa. FOTO:MAGNUS SKREDE


Skal ein samarbeide med Festspela i Bergen eller andre større kunstinstusjonar i framtida, må ansvar og økonomi fordelast annleis, og med hovudtyngda hos kunstinstusjonane. Den kompetansen og det nettverket som bispedømet i seg sjølv har å tilby har høg verdi.

Mål – Meining – Relevans?

Målgruppe for Sunnivareisa var «*Unge vaksne som søker ei kulturoppleving utanfor allfarveg, og vil vandre, synge, lytte, lære, spørje og undre seg over Sunniva-legenda si aktualitet og påverking langt utover Vestlandsregionen*». Ein må tru at dette har skjedd. I tillegg har dei over 100 unge del-

takarane på reisa fått bidra til ein kunstnarleg skapande prosess utan sidestykke – inspirert av Heilage Sunniva. Vi har òg fått eit bestillingsverk og ein ny tekst om Sunniva som vil leve vidare. Ei så tett kopling mellom kultur og kyrkjelege storhendingar er noko nytt i Festspelsamheng, men særskilt medviten frå festspelsjef Anders Beyer (sjå intervju med han på heilagesunniva.no). Folk i sokneråd, lokalmiljø, skular, kommunar og fylke kom med sine bidrag inn i det som blei eit stort felles kyrkjeleg kulturløft.

Men – var det verd det, og er det relevant for dei som er målgruppa for Bjørgvin bispedøme si verksemd? Det vil framtida vise.



Kulturelle samarbeidstiltak

Då biskop Halvor Nordhaug fylde 60 år, nytta bispedømerådet høvet til å hylla han med ein fargerik fest i Korskirken (Kirkens Bymisjon) måndag 4. mars. Den opne og rause atmosfæren i kyrkje-rommet spela fint saman med verbale, musikalske og kulinariske gåver frå ei mengd av vener og kollegaer frå både kyrkje, - kultur og samfunnsliv. Feiringa blei ei stadfesting av kyrkja som ein god stad for møte mellom kunsten og livet.

Pilegrim

Sunnivaleia

Sunnivaleia er den nye pilegrimsleia frå Bergen via Kinn til Selja. Ho er eit kystalternativ til pilegrimsvandringane i innlandet. Dette er ei vandring over sjø og land. Ei pilegrimsvandring langs Norskekysten byr på andre opplevingar og utfordringar enn rutene inne i landet.

Kystpilegrimsleia

Kystpilegrimsleia, - samarbeidsprosjektet mellom fylkeskommunane og bispedøma langs Vestlandskysten – frå Rogaland til Sør-Trøndelag, er no forankra som hovudprosjekt på kulturminneområdet med finansiering frå dei fem fylkeskommunane og verdiskapingsmidlar frå Riksantikvaren. Ein nyttilsett prosjektleiar skal utvikle prosjektet vidare og forankra det verdfulle samarbeidet mellom regionane og på tvers av institusjonsgrensar og involvera aktorar lokalt, regionalt og nasjonalt. Kyrkja lagar no

Fyrtårnet. Kjell Nupen sine glasmaleri i Olsvik kyrkje.
FOTO: ØVVIND SUNDFØR STOKKE-ZAHL

Då lova sette fart i kyrkjebygginga

I 1851 kom ei ny lov som påla kommunane å sikre at det var kyrkjer nok til å romme minst 3/10 av soknet sine medlemmer.

I kjølvatnet av dette blei det over fleire år bygd 623 nye kyrkjer (390 gamle blei rivne). Nokre av desse kyrkjelydane nytta høvet til å markere 150-års jubileum i 2013 med rikhalde kulturprogram i samarbeid med foreiningar og lag, - konsertar med urframføringar, utstillingar, historiske opptrinn, nytt kyrkjeskjip, jubileumsbøker m.m.: Tjugum, Oppstryn og

Herdla. Dei noko eldre kyrkjelydane Eikefjord – 200 år, - og Vereide 850 år, slo på stortromma med heile jubileumsveker der store deler av det lokale kulturlivet var involverte.

Halvor Nordhaug på veg ut frå jubileumsgudstenesta i 850 år gamle Vereide kyrkje.

FOTO: MAGNUS SKREDE



ein ressursbank med liturgisk/musikalsk materiale til glede og nytte både for kyrkjelydane og pilegrimane langs Vestlandskysten og i heile landet. Lanseringsreisa for Kystpilegrimsleia vil finne stad i juli 2014.

Røldal

I Kyrkje- og kulturdepartementet si utgreiinga om den nasjonale pilegrimssatsinga «På livets veg», frå 2008 vart Røldal peika på som eit av åtte pilegrimsprosjekt her i landet som det var aktuelt for staten å satse på. Biskopane i Agder og Bjørgvin har no teke eit initiativ overfor statlege styresmakter for å sikre framdrift i realiseringa av pilegrimssenteret i Røldal som del av den nasjonale satsinga på feltet. Den statlege investeringa i prosjektet vil sikre realisering og drift og positivt påverke både historieforståing, kulturformidling, lokalt næringsliv, kyrkjelydsliv og menneske si livsorientering. Ei tenleg arbeidsdeling kan vere at lokale kyrkjelydar i samarbeid med bispedømet arrangerer lokale vandringar til Røldal, og pilegrimssenteret står for påmelding, informasjon og anna koordinering.

Kyrkjekunst

«Det skinner i blått – fyrtårnet i Olsvik». Kjell Nupen utsmykkar Olsvik kyrkje

Olsvik sokneråd og deira kulturkomité har fått bistand frå bispedømekontoret i sitt arbeid for å finansiere nye glasvin-

dauge utforma av kunstnaren Kjell Nupen. Dei har jobba målretta og kvalitetsbevisst over lengre tid, - for å nå målet sitt om å gjere kyrkjerommet til eit kunstnarleg aktivum og ei gledeskjelde for lokalsamfunnet, - både for dei som er utanfor og dei som er innanfor. Verket blei krona med Nupen-seminar og innviing 30. august. Representantar for kyrkje, kultur, kunstnarar og akademisk diskuterte tema som «Hvorfor kirke-kunst?» og «Kirken som kulturarena».

Kyrkjemusikk

Den nye salmeboka

I samspel med Bergen kirkeautunnale og Kirkemusikkfestival for ungdom inviterte Kyrkjemusikkutvalet i Bjørgvin til Fagdagar for kyrkjemusikarar og musikkarbeidarar 31.10 – 1.11. Etter år med fagleg debatt og høyringar om innhaldet i den nye salmeboka var det eit mål å legge konkret til rette for aktiv bruk av salmeboka som reiskap i musikalsk samspel lokalt, - både i og utanfor kyrkja.


Dagane baud på interaksjon både verbalt og musikalsk i mindre seminar, tidedøner og Paneldebatt på Litteraturhuset i Bergen. Særleg populært var eit salme-besiftings-seminar og ein kreativt salmespel-workshop med fleire aktive deltakarar. Dette blei god og etterspurd kompetanseheving. Kyrkjemusikarane ynskjer seg vidare årlege fagdagar med tema: bruk av band i gudstenesta, kreativt salmespel, improvisasjon, lovsong, metodikk for song og musikk i trusopp-læringa m.m.

2.5 Demokratiutvikling

Resultatmål:

Legge til rette for auka deltaking og styrking av det kyrkjelege demokratiet.

I 2013 var det soknerådsvil i 13 sokn i Bjørgvin. Desse sokna er med på ei prøvordning der halve soknerådet står på val annakvart år. Eit av sokna har meldt at dei ønskjer å gå tilbake til vanleg ordning med val berre kvart fjerde år. Det vart ikkje meldt om behov for kurs i samband med gjennomføringa av valet. Det vart ikkje løyvd midlar tilsvarende dei «ordinære» valrundane, og difor vart det heller ikkje sendt ut valkort til veljarane. Dette er ein ulempe og fører truleg til mindre oppslutnad om valet. Fordelen med desse mellomvala er at soknerådet får kontinuitet sidan berre halvparten vert skifta ut. Målet for å unngå utskifting av mange på ein gong, må vera å gjera arbeidet i soknerådet endå meir meningsfullt og gjevande. Det er eit felles ansvar for alle nivå i kyrkja.



Kjell Nupen sine glasmaleri har gjeve Olsvik kirke eit nytt preg.

FOTO: ØYVIND SUNDFØR STOKKE-ZAHL



2. 6 Barn og unge (inkl. Ungdomsåret)

Resultatmål 1:

Gjennomførte tiltak for barn og unge i kyrkjelydane

Indikator:

Gjennomsnittleg tal på tiltak for barn og unge. Sjå avsnittet «Unge» s. 6.

Resultatmål 2:

Gjennomført Ungdomsår 2013

Indikator:

Gjennomsnittleg tal på tiltak for ungdom. Sjå avsnittet «Unge» s. 6.


Tiltak i Ungdomsåret

I ungdomsåret har det vore fokus på nokre enkelttiltak og det å skaffe ressursmaterieil som kyrkjelydane kunne bruke i sitt ungdomsarbeid. Det har òg vore eit fokus på å få kyrkjelydane til å samarbeida om prosjekt og slik foreine ressursane som er ulikt fordelte frå prosti til prosti og sokn til sokn.

Ungdomsårrangement:

- 13.01.13: Opningsgudsteneste i Bergen domkyrkje.
- Gjennom januar og februar vart det, nokre stader, gjennomført lokale opningsarrangement for ungdomsåret 2013

Eit eige NT for ungdomsåret var blant ressursmaterieilet i ungdomsåret.



«Venner for livet» var motto for ungdomsåret. FOTO. LIV-HELGA H. FURE

- 3. februar var det Konfirmantfestival på Bømlo med konfirmantar og ungdom frå heile Sunnhordland. Biskopen var med på gudsteneste i Langevågstunet.
- 9.-10. februar var vi med på Vinterfestival på Voss og Vintretreff i Stryn. Biskopen hadde appell og andaksthaldarkurs for ungdomsleiarar på Voss og appell og gudsteneste i Stryn.
- 27. februar deltok prosjektleiar for U2013 og diakonirådgjevar Vetle Karlsen Eide på Kyrkjedag i Nordfjordeid. Seminar om ungdom og diakoni.
- 8.-10. mars var det Taizétreff i Bergen domkyrkje. 100-150 var innom kvar dag og kveld.
- 14.-15.mars var det Ungdomsleiar-konferanse på NLA. Eit samarbeid mellom Ungdomsåret 2013 og NLA Høgskulen i Bergen. 100 påmelde frå heile landet.
- 22.-27. mars arrangerte Acta-barn og unge i Normisjon, KonfCamp i Etne. Biskopen deltok med gudsteneste og prosjektleiar for U2013 hadde seminar. Om lag 150 konfirmantar frå Bjørgvin var på KonfCamp.
- 19.-21. april var det Ungdomsting i St. Jakob. Ny rekord i tal på delegatar.
- Om lag 40 delegatar i høve til 18 året for. Biskopen tok del med føredrag.
- 21. april vart Johan Nordahl Bruun-Prisen delt ut til Kjell Grønner, Tensing rørsla sin far. Stor glede over denne prisen.
- 1.-7.juli skulle det vera Ungdomsvandring til Selje. Avlyst grunna for liten påmelding.
- 11.-18. august: Tur til Taizé. Biskopen reiste i lag med 15 ungdommar til Taizé for å ta med seg erfaringer herifrå heimatt. Med var også domprosten, dialogprest i Bergen, ungdomsrådgjevar i Bjørgvin og prosjektleiar for ungdomsåret.
- 27.-29. august: Stiftsmøtet: Dag to av stiftsmøte hadde Ungdomsåret 2013 som hovudtema.
- 14. september: Kick-off i Sunnhordland. Start for nytt semester for ungdomsarbeid i Sunnhordland. Prosjektleiar for U2013 var med og hadde preik på avsluttande gudsteneste.
- 10.-12. oktober: Pit Stop på Stord. Prosjektleiar tok del med å halda seminar. Vel 80 deltakarar på treffet.
- November var Ungdomsårsmanad. Mange flotte lokale tiltak i denne månaden. Har samla opp alle tiltak vi har fått melding om på heimesida www.ungbjorgvin.no



U2013

Ungdomsåret i Bjørgvin

Ungdomsåret prega også biskopens mottakelse der bl.a Olsvik Ten Sing var med. FOTO: BJØRGVIN BISPEDØMEKONTOR

- 2.-8. desember: Opningsveke for ungdomskatedralen St. Jakob.
- 5. desember: Avslutningsgudsteneste for U2013 i St. Jakob. Integrert gudsteneste med deltakarar frå Klubben i Åsane. Gudstenesta vart streama på nett.

Ressursar og materiell i Ungdomsåret

- Vi har delt ut vel 2000 eigne utgåver av Det nye testamentet til kyrkjelydane som skulle gje dei til sine ungdommar.
- Nærare 1000 gripekors er delt ut.
- Ikonet Jesus og hans venn, har vore eit utgangspunkt for andaktsholding i Ungdomsåret. Eigen forklaring til Ikonet av biskopen på heimesida.
- Ungdomsårbøn; Lagt til på små visittkort. Har blitt delt ut saman med gripekors og NT.
- T-skjorter, hettejakker, refleksar, nøkleband er det òg delt ut ein del av, både til ungdommar og tilsette og vaksne frivillige.
- Vi har fått vore med på å lansera eit nytt Bibelstudieopplegg for ungdom; Opp-ned. Kyrkjelydane i Bjørgvin har fått kjøpa dette til nedsett pris i samband med Ungdomsåret.
- Eige Ungdomsmisjonsprosjekt:

Normisjon sitt prosjekt: «*Gi steinarbeiderne et verdig liv og en fremtid.*»
Her har det kome inn nær 100.000 kr.

Kvar står vi og kvar går vegen?

Om desse tiltaka har virka konstruktivt på ungdomsarbeid i bispedøme har vi ikkje svaret på no, ved enden av året. Det vil gå nokre år før vi kan spora om det har vore ei utvikling. Men håpet er at kyrkjelydane held fram med å ta ungdomsarbeid på alvor og set av tid og ressursar på å utvikle ungdomssatsinga si.

Storleiken på ungdomsarbeidet vil nok framleis vera svært ulik i dei forskjellige sokna, og det er kanskje ikkje så farleg, men det som er farleg er å godta ein situasjon der ein som kyrkje ikkje klarar å nå ut til ungdommane. Noko av det som har vore suksessformlane der ungdomsarbeid fungerer bra kan vi summera opp denne måten:

- God kontinuitet på leiarersida; Fokus på leiarutdanning og at nye skal ta over ansvaret.
- Ungt leiaransvar og vaksent nærvær.
- At ungdomsarbeidet er med på å gje noko av substans i livet og styrke for trua.
- Fokus på å ha gode, trygge felles-

skap der deltakarane er inkluderte og kjenner kvarandre, og at dei er opne for vekst, inkluderer nye.

I åra som kjem er det viktig med eit fokus på ungdom frå sentralt hald som stadig minnar kyrkjelydane om ansvaret med å sleppe ungdom til i sine samanhengar. Ung deltaking i sokneråd og ulike utval i kyrkjelydane kan hjelpe på dette fokuset. Det er også viktig at ungdomsarrangement blir synleggjort og at fleire får ta del i dei.

For å lese meir om Ungdomsåret; sjå fullstendig rapport om Ungdomsåret.

Resultatmål 3:

Gjennomført Ungdomsting.

Indikator:

Tal på deltakarar på Ungdomsting:
Om lag 40 delegatar. 18 året før.

Resultatmål 4:

Gjennomført samarbeid skule/ barnehage – kyrkje.

Indikator:

Gjennomsnittleg tal på skule- og barnehagegudstenester:
Sjå side 6.



Glimt frå misjonsarbeid ved Okaldhunga sjukehus i Nepal. FOTO: NORMISJON



Frå Kontaktklubben i Stortveit. FOTO: STORTVEIT MENIGHET

2.7 Misjon

Samarbeid Menighet og Misjon (SMM) i Bjørgvin har i 2013 arbeidd mykje med å førebu ein turné til alle prosti som skal gjennomførast i 2014. Turnéen er eit samarbeid mellom SMM og Kirkens Nødhjelp i Bjørgvin og dei nasjonale organa til Mellomkyrkjeleg Råd, Kirkens Nødhjelp og SMM. Hovudmålet er å gjere kjend Kyrkemøtevedtak 07/2012 om «Misjon til forandring. Utdringene fra Edinburgh 2010» og konsekvensane dette har for den einskilde kristne og for kyrkja lokalt og globalt. Vi har stor tru på dette prostiturné-prosjektet. Samstundes er turneen eit svar på korleis få opp talet på misjonsavtalar i vårt bispedøme.

For Bjørgvin bispedøme har enno eit stykke å gå med tanke på å få på plass ein misjonsavtale for kvar kyrkjelyd i bispedømet innanfor ramma av SMM-samarbeidet. Om lag 2/3 av kyrkjelydane er med på laget. Ved å fokusere på misjonsvedtaket i heile bispedømet og inkludere dei nasjonale ledda i Kirkens Nødhjelp, SMM og Mellomkyrkjeleg Råd, og følge opp lokalt etterpå, har vi tru for at vi vil få med oss fleire kyrkjelydar i det å teikne misjonsavtalar.

Misjonsrådgjevar har i år mellom anna og vore med på studietur til Nepal våren 2013 for å lære om HimalPartner og Normisjon sitt arbeid i landet, og delteke på HimalPartner sitt sommarstevne.

Han har også vitja kyrkjelydar for å

oppmuntra dei til å gå i gang med nye misjonsprosjekt. Denne innsatsen har resultert i nye misjonsavtalar mellom SMM-organisasjonar og kyrkjelydar. I tillegg har det vore arrangert ein tverrfagleg fagdag om bibellesing og Israel i samarbeid med Sabeels Vener i mai.

Menighetsutvikling i folkekirken

Fire kyrkjelydar i Bjørgvin er inne i prosjektet «Menighetsutvikling i folkekirken», eit samarbeid med MF. Frå hausten 2013 har også dei fem kyrkjene i Bergendomkirke menighet blitt med i dette prosjektet. Desse er alle i same sokn, men har kvar sitt bygg og kvar si «forsamling». Ei av kyrkjene er St. Jakob som no er ungdomskatedral og der kyrkja si rolle i byen framleis er i støypeskeia. Mariakirken er også med, den er for tida stengt for oppussing, men når den opnar att, vil det bli gudstenester der. Dette storbyarbeidet er også med i eit skandinavisk storbyprosjekt.

2.8 Menneske med utviklingshemming

Bispedømerådet si behandling av Kyrkemøtet sitt vedtak om likeverd, inkludering og tilrettelegging er viktig for arbeidet på dette feltet. Det handlar om haldningar og handlingar. I bispedømerådet sitt vedtak vert dette tydeleg

gjennom todelinga av vedtaket i A: bevisstgjerjing og B: konkrete tiltak. Under bevisstgjerjing legg ein vekt på kursing av stabar og kurstillbod retta mot målgruppa, velje ut nokre kyrkjelydar til forsøk på heilskapleg planlegging og gjennomføre ei brei undersøking i heile bispedømet. Konkrete tiltak kan vere kursserie om forteljartekstane, utvikle nye former gruppesamlingar, og sikre betre informasjonsflyt med tanke på arbeid som vert drive i kyrkjelydane. (BDR sak 051/13)

Hausten 2013 vart det starta ei kursrekke i prostia, med fokus på forteljings-tekstane i dei nye tekstrekke. Tanken er at arbeid med desse tekstane kan hjelpe oss å skape gudstenester der det vert lettare for alle å ta del, uavhengig av funksjonsnivå. Dei inviterer til større grad av involvering og bruk av fleire sansar og forskjellige kulturuttrykk i gudstenesta. Vi har hatt eit kurs i Nordhordland prosti. Det er planar om å føre dette vidare i større skala der ein òg ser på gudstenesta og forkyninga i eit vidare perspektiv, med fokus på kommunikasjon.

Ungdomsåret 2013 har også hatt eit fokus knytt til «For alle»-perspektivet. Det kom mellom anna til uttrykk på avslutningsgudstenesta for ungdomsåret i St. Jakob kyrkje, der deltakarar frå klubb- og arbeid i Åsane tok del i forarbeidet og gjennomføringa av gudstenesta.

Vi har òg hatt eit fokus på bioteknologi-nemnda sitt arbeid og biskopen kom



«Bærekraftige liv på Landås» på vedhogst og familiedag. Dette arbeidet skyt no knoppar i fleire bydelar. FOTO: LARS OVE KVALBEIN/ORGANISASJONEN SI FACEBOOK-SIDE

med forslag til nye representantar i nemnda. Med nye prosti innfasa i trusopplæringa har det òg vore viktig å leggje vekt på at det skal vere «for alle». Det er viktig at det alt i planarbeidet vert teke omsyn til krav til universell utforming, og korleis ein tek imot dei som har behov for ein eller anna form for tilrettelegging for at dei skal kunne ta del i trusopplæringa.

Det er framleis ei prioritert oppgåve å nå ut til kyrkjelydane med informasjon om kompetansen på bispedømet på dette feltet. Slik kan vi gje eit best mogleg tilbod til dei som treng ei eller anna grad av tilrettelegging for å kunne ta del i fellesskapen i kyrkjelyden.

2.9 Forbruk og rettferd

I 2013 har ein hatt fokus på å følgje opp det uvanleg konkrete kyrkjemøtevedtaket frå 2012, som mellom anna handla om grøne prostikontaktar, kontaktpersonar i kvart sokn, doubling av talet på grøne kyrkjelydar innan 2013, fagdagar

alle tilsette i 2013 og deltaking i kampanjen «Klimavalg 2013».

Sjølv om ein har oppnådd resultat på fleire av desse områda, må Ressursgruppa og rådgjevaren innsjå at ein ikkje har kome så langt som vedtaket la opp til for 2013. I kampanjen «Klimavalg 2013» deltok vi aktivt i planlegging og gjennomføring av ei stor markering på Torgalmenningen i Bergen 20. april. I samarbeid med gode ressurspersonar arrangerte vi også to vellukka og godt besøkte politiske klimadebattmøte i Alversund og Storetveit.

Grøne prostikontaktar er på plass i dei aller fleste prostia, og ei eiga samling for desse og ressursgruppa vart gjennomført i november. Eit eige web-basert oppfølgingssystem for å halde betre greie på kyrkjelydar, kontaktpersonar og tilsette er på plass, men har enno ikkje kome i aktiv bruk.

Fagdagar for alle tilsette vart utsett til Stiftsmøtet 2014, på grunn av ungdomsåret 2013. Vi fekk ein ny grøn kyrkjelyd i 2013. Med den farten ligg vi an til å nå målet om doubling i talet på grøne kyrkjelydar i 2031... For 2014 vil ein måtte sette mykje inn på å aktivere dei grøne prostikontaktane og kontaktpersonane i kvar kyrkjelyd, skal ein få til betre rekruttering av grøne kyrkjelydar. Etter at stillinga knytta til Bærekraftige liv forsvann, måtte rådgjevar for miljø og forbruk sjå seg om etter anna arbeid for å kunne ha tilnærma full stilling, og frå 2014 jobbar han i Bergen kommune.

«Bærekraftige liv»

I 2013 har mykje endra seg i organiseringa av prosjektet Bærekraftige liv. Endringane har vore planlagde og vellukka, men krevjande. Pr 1. mai var det ikkje lenger økonomi i prosjektet til regelmessige lønsutbetalingar til prosjektmedarbeidarane, og tilsettingstilhøvet til bispedømetkontoret vart avslutta. I løpet av hausten etablerte BL seg som eiga foreining, med eige styre og eigen økonomi, og samarbeidet med bispedømetkontoret om rekneskap og administrasjon vart avslutta.

Rådgjevar for miljø og forbruk har brukt mykje tid på denne prosessen, men det synest som ein god investering. Bærekraftige liv har tatt mange viktige steg framover i 2013, og kjem oftare i inngrep med næringsliv og det politiske miljøet. Ein arbeider med å få overta prestegarden på Landås (Landås Lystgård) og har jobba fram eit spennande konsept for eit «Bærekraftig mat- og kultursenter». I 2013 vart BL tildelt Bergen kommune sin bymiljøpris. Konseptet skyt stadig knoppar, og på slutten av 2013 er BL i gang på åtte andre stader i Bergensområdet. Ein har også møtt stor interesse for BL frå andre deler av landet, og jobba saman med tilsvarende initiativ andre stader for å byggje nokre nasjonale strukturar som kan støtte opp om nettverket. Sjølv om responsen er overveldande positiv, er det framleis ein stor utfordring å sikre ein stabil økonomi i prosjektet.



3. Prestetenesta

Hovudmål:


Løyvingane til prestetenesta har som mål at alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja skal ha fast geistleg betening, slik at tenesta er nærverande i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal vera betent av ein eller fleire prestar.

3.1 Prestedekning


Å handsame sparetiltak og mange ledige stillingar på same tid

Bjergvin bispedøme måtte i 2012 og 2013 ta kraftige grep med innsparings-tiltak. Dette var svært krevjande fordi vi nesten ikkje hadde ledige stillingar i 2012. Fleire av sparetiltaka har òg hatt forsinka effekt. Særleg gjeld det område som REU, ABV og i nokon grad reise-rekningar. I 2013 har vi hatt skifte i 22 stillingar. Dette gjev innsparingseffekt anten vi vil eller ikkje. Sjølv om vi tidleg såg at prognosane var positive, har vi bevisst oppretthalde ei forsiktig oppmju-king av sparetiltaka framfor å skape eit feilaktig bilete av situasjonen. Om det var folk i alle stillingar, ville tala vore negative. Kvalitet i langsiktige tiltak har difor hatt prioritet framfor kortsiktig balanse i rekneskapen, og effekten av oppmjukinga vil først få innslag i 2014-budsjettet. Verknaden av innsparingstiltaka har slått direkte inn på motivasjon og trivsel, nesten uavhengig av om den einskilde har vore direkte råka eller ikkje. Å snu dette, bygge fellesskap og styrke endringskompetanse var viktige tema på ulike treffpunkt i 2013. At vi kunne ha stiftsmøte i 2013, etter to år utan, var svært viktig. Bjergvin har eit svært motivert presteskap og dyktige prostar, dette er ein sårbar «kapital» som vi må forvalte med omtanke. Det har difor vore kritisk viktig å ha tryggleik for at vi no har kome over denne økonomiske kneika, slik at vi har arbeidsro og handlingsrom til å drive god personalpolitikk framover.

Budsjettet for 2014 er fortsatt stramt, ein har fått noko redusert tildeling, men med mindreforbruket i 2013 er vi tilbake på om lag normalt nivå på velferds- og kompetansetiltak. Det underliggende problemet med for knappe ressursar er



Figur 3.1. Medlemstal per prestestilling, med egne søyler for Hordaland og Sogn og Fjordane.



Figur 3.2. Netto tildeling prestetenesta (kap. 0340) fordelt på flateareal.

vi enno ikkje heilt i mål med, men vi har ein tidsplan for gjennomføring av dei siste innsparingstiltaka. Dette skal skje samstundes med at vi både skal auke ressursane i pressområda og bygge opp eit større handlingsrom knytt til personal-saker og livsfasetiltak enn det vi rår over i dag. Dette handlar òg om å sikre rom for framtidig rekruttering, mellom anna ved å kunne tilby nokre seniorstillingar.

I årsmeldinga for 2012 såg vi på forholdet mellom opplevd forverring av arbeidssituasjon og objektiv forverring. Opplevd forverring er ein kostnad som kan tålast i ein overgang, men som på langt sikt må takast på alvor. Vi meiner at innsparing på kompetansetiltak, vikar og velferd, er dyr innsparing. Rett nok skal vi heile tida sjå kritisk på ressursbruken, men det handlar ikkje berre om å drive effektivt, men like mykje om kvalitet i møte med brukarane våre.

Kyrkje for både by og land

Bjergvin bispedøme har arbeidd mykje med ressursfordeling mellom prostia. Totalt er vi snart i mål med å ha redusert med åtte årsverk og lagt ned tre prosti. Dette for å kome i balanse økonomisk, men og for å kunne auke ressursane i pressområda. Vi har klart å flytte to årsverk til to prosti med svært høgt press, men målet var å flytte fire årsverk.

Trass i dette aukar presset i områda i og rundt Bergen, ut over det ein tok høgde for i vedtaket bispedømerådet gjorde i 2010 om fordeling av presteressursar. Gapet mellom forsvarleg drift og tilgjengelege ressursar er kritisk fleire stader.


Vår evaluering av dette er at vi har gjort

eit stykke viktig arbeid med omfordeling internt, men at Bjergvin sitt problem er at vi skal løyse to utfordringar på ein gong. Vi skal sikre forsvarlege arbeidsforhold til prestane i pressområda i og rundt Bergen. Dette er svært kritisk i fleire sokn med store medlemstal per prest.

Samstundes skal vi vere ei landsdekkjande kyrkje i område med nedgang i folketal/medlemstal og med store avstandar og krevjande geografi. Det går ei kritisk grense for kor få stillingar ein kan ha i grisgrendte strøk, og med det ei grense for kva bispedømet kan klare av omfordeling av egne ressursar. Ei side av dette er å måle på grunnlag av kriterier som medlemstal, aktivitet og geografi. Ei anna side er kva det teologisk, kulturelt og praktisk vil seie å vere kyrkje i grisgrendte strøk.

Bjergvin bispedøme har difor hatt to prosjekt på dette området i 2013: «Å vere kyrkje i grisgrendte strøk» og «Konfirmantundervisning i små og store kull». Begge prosjekta blir presenterte i vedlegg/link til årsmeldinga.

Fokuset har vore «kva er god ressursforvaltning» og «korleis kan ein bruke ressursar ein har på nye og betre måtar». På den eine sida kan ein spørja: – Kor sjeldan kan ein ha gudstenestetilbod og framleis vere kyrkjelyd? På andre sida peikar ein på gode modellar for sambruk av kyrkjebygg til ulik aktivitet i små lokalsamfunn, og på kvalitetar som kan ligge i å samarbeide på tvers av små sokn, både rundt gudstenester og i konfirmantarbeid. I botn må det likevel vere ei viss grunnbemanning, både for å løyse oppgåvene, men òg for å oppretthalde forsvarlege fagmiljø og sikre framtidig rekruttering.



Frå Nygård kyrkje. Kyrkja fekk ny utsmykning i 2013, laga av kunstnar Per Odd Aarrestad. FOTO:WILLY HARALDSEN

Indikator 1:

Kyrkjemedlemmer pr. fast prestestilling (Sjå fig. 3.1.)

I snitt-tal på prestestillingar per medlem kjem Bjørgvin ut med tal som ikkje syner dei reelle utfordringane. Dersom vi ser på medlemstal per prest for berre Hordaland, ligg ein på 3565, det er nesten same tal som Borg og Stavanger (3690/3713). Samanlikna med til dømes Stavanger og Tunsberg, som også har mange medlemmer pr. prest, har Hordaland meir griskrendte område med krevjande kommunikasjon. Desse områda er med på å skjule dei reelle utfordringane i Bergen og omland fordi gjennomsnittet per prest ikkje viser situasjonen slik den eigentleg er.

Dei tre prostia Fana, Vesthordland og Arna og Åsane har kritisk prestemangel no, og verre blir det med stor vekst og nye bydelar dei komande fem åra. I dag har desse fire prostia snitt på 4250 medlemmer per prest. Ut i frå kommunane sine prognosar vil det i 2017 vera 4750

medlemmer per prest om ein ikkje får tilført nye ressursar. Dette har vi i dei siste åra peika på, og ein viktig motivasjon i dei krevjande prosessane vi har hatt, var at vi opplevde å få ei forståing i departementet for at situasjonen var kritisk. Vi oppfatta det slik at Bjørgvin stod høgt på lista for å få nye stillingar. Siste tildelingsbrev var difor nedslåande, der blei tildeling av nye stillingar gjort på medlemstal åleine, og då med bakgrunn i snitt-tal der Bjørgvin aldri vil nå opp.

Kostnadane ved å ha «mykje geografi» og vanskelege kommunikasjonsveggar i Sogn og Fjordane og Hardanger og Voss prosti, blir i dag betalt av Bergensregionen. På landsplan er det stor forståing for at alle bidreg til å betale for dei ekstra kostnadene bispedøma Nord-Hålogaland og Sør Hålogaland har, knytt til geografi, rekruttering og liknande.


Sogn og Fjordane bispedøme?

I Bjørgvin byr kyrkja i Sogn og Fjordane på mange av dei same utfordringane som i dei nemnde bispedøma. Det blir då eit


aktuelt spørsmål om Sogn og Fjordane fylke burde vore eige bispedøme? Eller om det er betre for Sogn og Fjordane å høyre til Møre bispedøme? Dette fordi det på sikt vil vere utarmande for Sogn og Fjordane om dei åleine skal miste stillingar for å dekke opp befolkningsveksten i og rundt Bergen.

Om Bjørgvin skulle omfordela presteressursar etter medlemstal åleine, måtte vi overføre ytterlegare 10 stillingar frå Sogn og Fjordane til Bergen. Vi har alt redusert med tre stillingar sidan 2010, og ein ytterlegare reduksjon ville ikkje vere forsvarleg. Like eins måtte vi overføre fire stillingar frå Hardanger og Voss prosti til Vesthordland prosti, her har vi alt redusert med to sidan 2010. Ei slik utvikling vil bli kritisk i både Sogn og Fjordane og i Hardanger og Voss prosti.


Tilsvarande vil manglande auke i ressursar rundt Bergen og Vesthordland også bli kritisk. Når vi då taper i synlegginga av kor naudsynt dette er, grunna at distrikta dreg snittala ned, så må vi stille spørsmål om korleis dette kan løysast.



Figur 3.3. Netto tildeling prestetenesta (kap. 0340) fordelt på gudstenestet.



Figur 3.4. Netto tildeling prestetenesta (kap. 0340) fordelt på gudstenester på sun- og heilagdagar.



Figur 3.5. Netto tildeling per medlem fordelt på gravferder og gudstenester.

Om ein ser nettotildeling på kap. 0340 (prestenesta) for 2014 fordelt på medlemstal åleine ligg bispedøma Borg og Stavanger, Tunsberg og Oslo med lågast tildeling per medlem (sjå figur 3.6). Men om ein ser nettotildeling per areal, vil ein sjå at det òg er desse bispedøma som ikkje har «geografiske kostnader».

Oslo og Borg skil seg ut, og Tunsberg og Stavanger er i ei mellomstilling, alle andre bispedøme har geografi og store avstandar som ei utfordring.

Dette slår inn på tidsbruk for prestar i distrikta. I Bjørgvin køyrde prestane 531.000 kilometer i 2013. I tillegg låg det innsparingskrav på auka bruk av kollektivt ved kurs og møte i Bergen, så tala vil normalt vere høgare. I tillegg vil bruk av kollektiv transport auka «tidskostnaden» målt opp mot område med lite geografi. Det avspeglar seg òg i auka kostnader på alle område, frå fagsamlingar til bispedømerådsmøte. Om ein tek ut desse kostnadane frå nettotildeling, og likeeins rekrutteringskostnader, så ville biletet bli

noko rettare mellom medlemstal og geografi. Vårt hovudpoeng er at Bjørgvin har begge deler. Låg tildeling per medlem om ein ser berre på Bergen, og høge kostnader fordi ein også skal ta omsyn til heile bispedømet.


Ressursforvaltning

Vi vil synleggjere korleis Bjørgvin forvaltar ressursane opp mot andre bispedøme, ikkje primært for å argumentere mot andre, men for å sikre at vi driv forsvarleg og peike på kvalitetar som er viktig å halde fram. Vi vil då bruke netto tildeling for både presteskap og kyrkjeleg administrasjon med tal for 2014 Kap 0340. Vi vil bruke ulike innfallsvinklar, knytt til «tenesteproduksjon» og knytt til rammeffaktorar som geografi, tal på sokn og medlemstal.


Først vil vi sjå på gudstenester som hovudsak i det ein «produserer» knytt til presteressursar. Målt mot gudstenester totalt i 2012, så driv Stavanger, og Bjørgvin, svært kostnadseffektivt. Det er samstundes viktig å vere klar over rammeffaktorar som geografi og tal på sokn. Om ein ser berre på gudstenester søndag og heilagdagar, endrar biletet seg noko. Då ligg kostnadsbiletet slik at Stavanger og Bjørgvin, saman med Agder og Telemark fortsatt driv med lågast kostnad per gudsteneste, noko som betyr at kvar prest har fleire gudstenester.

Høgt tal på gudstenester totalt, tyder på høg motivasjon i presteskapet og at det er kultur for å ha fleire gudstenester enn dei som ligg på søndag og heilagdagar. Der det er samsvar mellom totalt gudstenestet og tal for gudstenester på søndag og heilagdagar målt mot ressurstilgang (tildeling), tyder det på høg motivasjon, men òg på lite handlingsrom fordi mykje av «produksjonen» vert knytt til gudstenester.


Av det følger at bispedøme med færre søndagsgudstenester vil få større hand-



Figur 3.6. Netto tildeling i kroner per medlem (medlemstal per 2012 og total tildeling kap 0340 for 2014).



Figur 3.7. Netto tildeling i kroner per gudstenestepartaker (medlemstal per 2012 og total tildeling kap 0340 for 2014).



Figur 3.8. Gudstenestet 2012

lingsrom. Dels kan det sjå ut som dette følger bispedøme med «enkel» geografi, og dels kan det vere knytt til tal på sokn og kyrkjer. I bispedøme med store område med krevjande geografi og mange sokn og kyrkjer slik som Bjørgvin, blir det «bunde» opp fleire presteressursar til gudstenester på søndag.

Internt i Bjørgvin har vi sett på tal på kyrkjelege handlingar og gudstenester per prest. I område med tett befolkning og fleire prestar per kyrkje er presset på gudstenester per prest mindre enn i distrikta, til gjengjeld er presset høgare på kyrkjelege handlingar. Så der ein skulle tru at vi kunne drive med lågare kostnader i folkerike område med lite geografi, fordi realkostnadene ved ei gudsteneste er noko dyrare i distrikt enn i by på grunn av reising, viser biletet at det motsette er tilfelle. Vi driv då for dyrt i nokre av dei folkerike områda, målt på berre gudstenester. Ein kunne då spørje om ein i desse områda burde vurdere å ha fleire diakonar eller kateketar i staden for auke i prestestillingar på grunn av dei mange kyrkjelege handlingane. Dei kan ha t.d. gravferder og konfirmantarbeid i staden for prestane.

Vårt hovudpoeng er at Bjørgvin driv blant dei mest kostnadseffektive i alle tre målbileta, gudstenester totalt, gudstenester søndag og heilagdagane og ved tildeling per gravferd og gudsteneste. Vi får samstundes ikkje full effekt av nokon kriterier fordi vi internt utjamnar mellom folketette område og krevjande geografi.

Ein annan måte å sjå ressursfordelinga på er å sjå tildelinga per medlem, og å sjå på tildeling målt opp mot oppslutning. Borg skil seg ut om ein måler per medlem, Stavanger, Oslo og Tunsberg er forholdsvis like. Bjørgvin kjem like bak. Då må ein huske at biletet ville vore vesentleg endra om ein trekte ut Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane burde samanliknast med Sør-Hålogaland, og for Bjørgvin burde kroner 100 tilførast kvart medlem i Sogn og Fjordane om ein samanliknar med Sør-Hålogaland. I dag subsidierer Bergensregionen Sogn og Fjordane med denne differansen.

For Bjørgvin er det viktig å peike på resultatet av midlane ein får tildelt. Målt mot oppslutning rundt gudstenester, kjem vi svært godt ut. Stavanger er i eigen klasse, men då har ein og mange stillingar på innsamla midlar. Agder, Møre og Bjørgvin kjem også godt ut. I delar av Bjørgvin har vi fleire stillingar på innsamla midlar enn landsgjennomsnittet. I andre delar er det folkekyrkja som

står sterkast, men vi har lite frivillig arbeid. Ein kunne spørje: Kva ville vere betalingsviljen per gudstenedeltakar? Det har ein naturleg nok ikkje noko måltal på, og det bryt med mykje av grunntenkinga rundt det å vere folkekyrkje for alle, alle stader i landet. Det er likevel eit perspektiv ein kan oversjå fullstendig med tanke på kvar ein brukar ressursane. I strategiane for framtida må ein gradvis ta inn at det også vil vere naudsynt å sjå på ulike modellar for å finansiere lokale stillingar. Måltalet for Bjørgvin med kroner 150 per gudstenedeltakar om alle kostnader skulle bærast av deltakarane syner at vi driv relativt kostnadseffektivt ut i får dei ein kan samanlikna seg med.

Indikator 2:

Talet på ledige stillingar i bispedømet

Bispedømet totalt	22
Sogn og Fjordane	8
Hordaland u/Bergen	8
Bergen	6

Tabell 3.1. Ledige stillingar i Bjørgvin i 2013

Dei siste åra har fokuset vore på innsparring og omfordeling av ressursar. Bjørgvin bispedøme opplever å ha kome langt i dette arbeidet.

Samstundes som 2013 har gitt betre økonomi, har det vore viktig å sikre at vi kjem i mål med dei tiltaka som er vedteke. Medan vi i 2012 berre hadde to ledige stillingar, har vi i 2013 hatt 22 utlyste stillingar med tilsetting i dei fleste stillingane. Dette er hovudårsaka til at økonomien no er i balanse.

I 2012 fokuserte vi på arbeidsmiljøundersøkinga og såg på opplevd høg arbeidsbelastning og objektivt arbeidspress. Begge sider av saka er kritiske, men vurdering av kva tiltak som må settast inn vil vere ulike.

Vi har i 2013 fokusert på motivasjonsbyggjande tiltak, og på å byggje endringskompetanse. Vi har òg starta ein runde med prostivise samlingar som går på det psykososiale arbeidsmiljøet. Samlingane er for tilsette i begge linjer. Dette ut i frå arbeidsmiljøundersøkinga (AFI-rapport) sine kritiske funn på noko høge tal på konflikthar og mobbing. Sjølv om Bjørgvin bispedøme kjem betre ut enn landsnittet på desse områda, så er dette av dei kritiske områda når det gjeld risikovurdering i den verksemda vi driv.

Indikator 3:

Talet på nyttilsette prestar, eksklusiv overgang frå annan prestestilling

Bispedømet	7
Sogn og Fjordane	4
Hordaland u/Bergen	1
Bergen	2

Tabell 3.2. Nyttilsette prestar i 2013

Det har vore 22 utlyste stillingar og 59 søkjarar. Tre stillingar har vore lyst ut to gonger. Det har vore lyst ut ei prostestilling, her var det berre ein søkjar.

Kapellanstillingar har òg få søkjarar. Sjølv om vi har søkjarar på alle stillingar er det med nokre få unntak ikkje mange søkjarar på dei ulike stillingane. På sikt er rekruttering den største utfordringa, med tanke på alderssamansettinga i presteskapet.

Det er også relativt få kvinnelege søkjarar på stillingane. Alle kvinner blir i hovudsak innkalla på intervju, med mindre det ikkje er reelt grunnlag for at søkjaren kan bli tilsett. Med bakgrunn i innsparringstiltaka har vi i 2013 også måtta ta større omsyn til interne røkingar enn det vi normalt ville gjere. På den andre sida har nokre prosti høgt aldersgjennomsnitt og få kvinner, her har vi måtte prioritere yngre søkjarar og kvinner. Det vart likevel berre tilsett fem kvinner.

I fem andre stillingar blei kvinne innstilt på delt innstilling eller som nummer to og tre, og då ikkje tilsett. I fleire av desse stillingane var det då same kvinne på fleire stillingar. I alle andre stillingar vart kvinner ikkje innstilt grunna at der ikkje var kvinner på søkjarlista. Det vart tilsett fem nyutdanna i 2013 og av dei to kvinner.

Vi meiner difor at det har vore teke omsyn både til å auke tilsetting av kvinner og av yngre søkjarar, sjølv om det statistisk sett burde vore endå betre.

Indikator 4:

Talet på prestar som har slutta før fylte 67 år, eksklusiv overgang til annan prestestilling.

To prestar har slutta i teneste, ein til ukjent stilling og ein har gått av med AFP i 2013.

Oppsummering

Målsettinga med å vere landsdekkjande folkekyrkje medfører som sagt krevjande avveging mellom nok prestar i distrikta og auka presteressursar i vekstområda. Risikoen er i begge tilfelle at det blir lite att av dei viktige relasjonsbyggjande sidene ved presten si teneste. Denne er avgjerande for at folkekyrkja skal opplevast nær og viktig i lokalsamfunna. Folkekyrkja står sterkt i Bjørgvin. Det registrerer vi ikkje minst i prosessane med nedlegging av prosti og inndraging av prestestillingar. Det er lokal uro ved endringar, og særleg blir ein lokalt bekymra for å miste presten «sin». Fleire prestar til folkerike sokn gjev ikkje automatisk auka oppslutning om gudstenester. Derimot ser vi at redusert presteneste og mindre «faste» prestar i distrikta gjev store negative utslag i tal på gudstenester og på oppslutning om gudstenester.

Endringar gjev høve til å tenkja gjennom korleis ein skal vere kyrkje på ein best mogeleg måte. Sentralt i dette står prestane sjølve, og ikkje minst prostane. Vi har dei siste åra registrert at prostane melder om slitne prestar. Dette er ein kritisk faktor med tanke på å oppnå ei nærværande presteneste. Energilekkasjane kan gå ut over moglegheitene til å skape gode endringsprosessar, og til å ta dei utfordringane ein møter.

Når kvar prest i snitt har over 90 gudstenester og kyrkjelege handlingar, i tillegg til konfirmantar, så er det lite handlingsrom att. Det krev god planlegging, og det er jamt travelt. Samspel med andre krev òg meir enn før. Det er då ekstra sårbart om ein må dekke opp for andre. I lengda er det vanskeleg å oppretthalde det høge nivået vi har i Bjørgvin utan at det blir tilført meir ressursar til prestenesta.

Bjørgvin har hatt 2013 som Ungdomsåret. I starten av 2012 blei dette møtt med motstand, med bakgrunn i både reformtrøtteleik og opp mot innsparingstiltaka, særleg at stiftsmøtet vart avlyst. Det var tillyst stiftsdag i kvart fylke, men i staden reiste biskop og prosjektleiar for U2013 ut til alle prostia for å fortelje om ungdomsåret. Dette var med å snu motstanden mot «endå noko nytt», til å bli ein motivasjon for at U2013 kunne bli noko viktig.

Det har vore sentralt å ta dette ned til å vere eit fokus på ungdom i det ein aller-eie gjer, og tydeleggjering av at dette ikkje

KVAR JOBBAR DU I 2014?

VELKOMEN TIL BJØRGVIN BISPEDØME!

Her har vi ein biskop med visjonar og ein eigen personalprest for deg som er prest.

(Som resten av Noreg har vi ein fantastisk natur.)

For ledige stillingar: kyrkja.no/bjorgvin



«Saman vil vi ære
Den treeinige Gud»

Visjon for Bjørgvin bispedøme

DEN NORSKE KYRKJA
Bjørgvin bispedøme

Foto: Personalprest Bård Haukedal og biskop Halvor Nordhaug

I ein heilsides annonse i Vårt Land desember 2013 vart personalpresten trekt fram som eit særmerke for Bjørgvin. Tittelen på annonsen var: «Kvar jobbar du i 2014?»

skal vere ei ny runde med planarbeid eller «nye» tiltak. Vi ser at prestar i møte med ungdom og U2013 har blitt inspirert på ein god måte. Målet er motiverte prestar som trivst i tenesta, då har både prest og kyrkjelyd det best.

Rekrutteringstiltak

Alderssamansettinga i prestskapet i Bjørgvin tilseier at rekruttering blir ei stor utfordring i åra som kjem. Vi hadde i 2012 nest høgast prosenttal på prestar over 60 år. Sjølv om vi har redusert frå 51 til 47 prestar over 60 år, og frå 31% til

30%, ligg vi no med høgaste prosent på landsplan. Når det gjeld talet på prestar i dei andre aldersgruppene ligg Bjørgvin på eller like under landssnittet. Det er særleg kritisk at ein får tilsett fleire yngre prestar. Å ha ei god fordeling med omsyn til alder og kjønn i prostia er viktig for rekrutteringa. Vi har lagt grunnlag for ein jobbanalyse for prostia, som kartlegg mellomanna kva ein har av kompetanse, kjønns- og alderssamansetting i prostiet, og kva behovet er framover.

Det er også gjort vurderingar på å halde på eldre prestar ved å opne for

noko fleire seniorstillingar, for å opne opp for nye krefter i strategisk viktige stillingar. Her er handlingsrommet lite, men det kan vise seg dyrkjøpt om ein ikkje i større grad jobbar strategisk med dette risikobiletet.

Vi trur ungdomsåret har vore viktig også med omsyn til rekruttering. Vi kan enno ikkje lese effekten ut av dette. Vi ser det likevel som eit viktig grunnlag for framtidige rekrutteringstiltak. Auka deltaking i kyrkjelydane sitt arbeid generelt gjev potensiale for auka rekruttering til kyrkjeleg teneste. Særleg vil vi trekke fram biskopen si rolle i dette. Effekten av å vere synleg på ulike ungdomsarangementer er ikkje lett å måle, men må ikkje undervurderast.

Turen til Taizé med ungdommar frå ulike delar av bispedømet kan lettare målast, i kvalitative forteljingar frå dei aktuelle ungdommane. I tillegg har prosjektleiar, ein ung sokneprest frå Stord, og to unge nyutdanna kvinnelege prestar vore synlege og viktige markørar i U2013. Dette trur vi har ein positiv rekrutteringseffekt.

I delar av bispedømet er det også utfordringar knytt til rekruttering av andre stillingsgrupper, mellom anna trusopp-lærarar. Dette påverkar også prestesituasjonen. Vi ser på samarbeid med NLA, MF og MHS, for å kunne tilby grunnkurs for trusopp-lærarar.

Bjergvin bispedøme fekk kr 200 000,- i ekstra midlar til rekruttering. Desse er m.a. nytta til nokre konkrete tiltak rundt U2013 og biskopen, alternativ annonsering, og visingssturar for prestefamiliar som har vore interesserte i å etablere seg i sokn der stillinga har stått ledig i lang tid, og/eller der det er få søkjarar. Prostane er aktive aktørar i rekrutteringsarbeidet. Alle nyttilsette vert inviterte til ein dag på bispedømekontoret, med variert program. Dette får vi gode tilbakemeldingar på. Vi opplever totalt sett at Bjergvin bispedøme er ein attraktiv arbeidsgevar.

Vikarordningar

I den økonomiske sparepakken ein har hatt i 2012 og 2013, låg det inne at ein måtte redusere vikarbruken til eit minimum. Ein har gradvis tatt inn vikarar når ein såg at handlingsrommet auka. Det er likevel ulikt på kva prosti som får vikar og ikkje. I nokre område brukar ein ein-skildtenester framfor vikar over eit avgrensa tidsrom.

Prestebustadar

Det er framleis stor merksemd kring prestebustadane i Bjergvin. Administrasjonen opplever å ha god kontakt med Opplysningsvesenets fond (OVF) og med kommunane om bustadane. Gjenom systematisk arbeid sidan 2010 har vi no betre kunnskap for å prioritere vedlikehald for dei ulike prestebustadane.

Bergen Bolig- og byfornyning (BBB) eig 38 prestebustadar, ein del av desse med trong for vedlikehald. Det er i 2013 korkje seld eller kjøpt ny bustad i Bergen. Vi fekk i 2010 godkjenning på å bruke det øyremerka fondet etter salet av Bjerkåsen 56 til rehabilitering og ikkje berre kjøp av ny bustad. Deler av dette har vi i år brukt mellom anna til større oppussingsarbeid på tre av bustadane. I tillegg har vi fått gjort nokre mindre oppgraderingar på nokre andre bustadar. Dette arbeidet vil halda fram i 2014. Vi har i 2013 prioritert utvendig måling, 11 bustadar har fått ny fasademåling dette året. I 2014 vil vi få totalrenovering av mellom to og fire bustadar, noko som vil krevja mykje av budsjettet, samt oppgradering av nokre bad. Bispedømet er samde med BBB om først og fremst å rehabiliterer dei bustadane vi har, framfor å kjøpe nye.

Opplysningsvesenets Fond (OVF) eig 55 bustadar i Bjergvin. Mange av desse er store og tunge å halde ved like. Det er i år brukt mykje pengar på oppgraderingar, og prestane si HMT-undersøking viser at bustadane har blitt noko betre. Grunnleggjande byggtekniske utbetringar vert framleis prioritert, t.d. fuktige kjellarar, utette tak og manglande isolasjon. I tillegg vert mykje røyrr og elektrisk skifta ut.

Nokre av dei største og mest krevjande bustadane må takast i 2014, noko som vil leggja beslag på store delar av budsjettet for komande år.

Rådgevaren på bispedømekontoret har i 2013 vore på 41 synfaringar, dei fleste saman med bustadombodet. I nokre bustadar har det vore synfaring fleire gonger. Vi vil halde fram med synfaringane i 2014. Synfaringar i høve presteskifte og akutte skadar vil halde fram som tildelgare, i tillegg til at vi ynskjer å følgja ein meir strukturert plan for å sjå alle bustadane jamleg.

Vi jobbar òg vidare med å få til ei ordning med Bergen kommune slik at prestebustadane vert handsama som ein eigen pott. Dermed vil ein ved sal av bustadar kunne nytta midlane anten til kjøp av nye

bustadar eller rehabilitering av eksisterande. Dette er mykje politikk og noko biskopen må diskutera med byrådsleiareren.

Det vert òg spanande å sjå kva departementet gjer med buplikta, og kva ordningar som vil verta i åra framover.

3.2 Organisering og leing av prestetenesta

Resultatmål:

Prestetenesta skal vera tilpassa lokale tilhøve og utfordringar (betre bruk av kompetansen i presteskapat).

Indikator:

Kor stor del av prestane som er gjevne eit spesialisert ansvarsområde innan prostiet.

Bruk av spesialkompetanse i forhold til tenesteordninga er i liten grad brukt. I 2013 hadde ein eit pilotprosjekt på «konfirmantundervisning for små og store kull» (jf. kap. 3.1). Dette resulterte i ein rapport som peikar på gode modellar som er i bruk lokalt, og modellar ein her har testa ut i ulike lokale kontekstar. I tillegg var det eige seminar på stiftsmøtet for både «store kull» og «små kull».

Hovudfokuset var likevel endring ved modellerande praksis. Dette gjekk på samarbeid mellom små sokn i eit fellesråd og ein prest, men òg på samarbeid mellom ulike sokn der ulike prestar deltok med sine grupper. Erfaringa er svært god, og modellane er vidareført også etter prosjektperioden.

Det har og vore sett ned ei gruppe som har sett på ulike sider ved det å vere kyrkje i grisgrendte strøk. Fokuset er å bruke ulik lokal kompetanse til å skape gode og ønska endringar som samtidig i varetek kyrkja lokalt.

Ytre Sogn prosti lagt ned

Ytre Sogn prosti vart lagt ned frå 6.mars 2013. Det medførte at sokna Solund, Gulen, Brekke og Mjømna blei ein del av Nordhordland prosti. Hyllestad, Lavik, Kyrkjebo, Høyanger, Bjordal og Ortnevik blei ein del av Sunnfjord prosti. Arna-fjord, Feios, Fresvik, Vangnes, Vik og Balestrand blei ein del av Indre Sogn prosti. Beredskapsområda blei tilpassa dei nye prostigrensene frå hausten 2013.

3.3 Arbeidsvilkår

Resultatmål:

Sikra gode arbeidsvilkår for prestane.

Indikator 1:

Gjennomsnitt sjukefråver

Legemeldt sjukefråver var i 2013 4, 6 prosent i Bjørgvin. Eigenmeldt fråver er 0,1 prosent. Totalt har sjukefråværet auka med 0,3 prosent sidan 2011. Vi arbeider kontinuerleg for å redusere sjukefråværet.

Indikator 2:

Gjennomsnitt fridagar pr. prest som ikkje er tekne ut

Tal på fridagar som ikkje er tatt ut, er relativt lite, og gjev kan hende ikkje det fullstendige biletet. Arbeidsmiljøundersøkinga stadfester likevel at dei fleste opplever å ha ei føreseieleg fritid. I den grad ein ikkje får tatt ut fridagar handlar det oftast om eiga planlegging. Der det skuldast andre ting, får ein hjelp av prosten til å ta ut desse dagane på andre tider.

Indikator 3:

Trivselsscore i arbeidsmiljøundersøkinga

Arbeidsmiljøundersøkinga vart også i 2013 gjennomført via Questback, med noko låg svarprosent. Prostane og verneomboda har arbeidd for å auka svarprosenten. Funn knytt til konflikthar har vi oversikt over og tiltak er sett i verk. Det tar tid og vi har arbeidd mykje med ulike løysningar knytt til dei sakene som er melde. Der det blir meldt om mobbing eller trakassering blir dette følgt opp av prost, eventuelt prost og kyrkjevevjerje. Totalt er det få slike saker.

Spørsmåla om samarbeid gav høg score, best med prosten og noko dårlegare med fellestråda. Dei som har vore på jobb når dei var sjuke, har ikkje vore i kontakt med prosten på førehand. Dette trur vi ikkje skuldast at ein ikkje trur at ein får hjelp av prosten, men at sjukdommen er av slik karakter at ein gjennomfører, for så å ta seg inn i etterkant.

Samarbeidet i RAMU er godt. Arbeidsmiljøundersøkinga viser ingen alarmende dårlege resultat, sjølv om vi veit at det heile tida må arbeidast vidare for ei positiv utvikling.

3.4 Kompetanseutvikling

Resultatmål:

Prestane skal stimulerast til å utvikle kunnskapar, dugleikar, haldningar og motivasjon til tenesta

Indikator 1:

Snitt studiedagar pr. prest.

Kvar prest i Bjørgvin har rett til fem studiedagar, med eit tilskot på 1500,-. Dette har vore skjemma i innsparingane i 2012 og 2013. På andre kurs og REU var budsjettet kraftig redusert. Siste del av 2013 innvilga ein på ny REU-midlar, men effekten av dette kjem først i 2014.

I Bjørgvin hadde kvar prest 6,7 studiedagar i 2012 og fem studiedagar i 2013. Berre 7 prosent av prestane hadde studieopplegg som varte over fem dagar i 2012 og 1 prosent i 2013. Dette er ei av dei dramatiske sidene ved at ein måtte gå til så drastiske innsparingstiltak som det ein har hatt for desse to åra. Effekten frå 2012 blir særleg tydeleg i 2013.

Det var 13 søknader via REU-systemet i 2013, ni av dei blei innvilga. Dei fleste med verknad først i 2014. Det har særleg vore kritisk at ein har måtte avslå søknader om å ta PKU i Bergen, då dette er eit tilbod ein har venta på i mange år. Delta-king på nye kurs vil bli prioritert i 2014.

Det er ikkje tilfredstillande å ikkje kunne tilby etter- og vidareutdanning. Det er difor svært viktig at ein har midlar til dette i 2014.

Sjølv i åra med innsparing har prestane i Bjørgvin hatt kompetansetiltak, men då knytt til prostikonvent og eigne studiedagar. Dette betyr at tiltaka har vore på sparebluss. Motivasjonssida har vore krevjande. På ei side har det vore høg motivasjon for å raskast mogleg kome i balanse økonomisk. Samstundes har ein sett at andre bispedøme kan tilby betre vilkår på dette området. Bjørgvin har tatt kraftige tak for å kome i balanse, etter kontantprinsippet, men i etterpåklokskapsens lys spør vi om dette kunne vore unngått. Den reelle innsparinga er liten av tiltaka på dette området, og dei negative effektane er store.

Bjørgvin tilbyr også eit fagleg og sosialt nettverk for kvinner i presteneste. Dette er og viktig med omsyn til rekruttering. Nettverket har sjølv ein gjennomgang av korleis ein skal drive vidare.

3.5 Retreat

Bjørgvin bispedøme samarbeider med Retreat Bergen og Senter for åndelig veiledning om retreatarbeidet.

Ein onsdagskveld i månaden er det kveldsretreat lokalisert til Stiftelsen Bergen Diakonissehjem, Haraldsplass. 10 – 20 deltakarar har det vore kvar kveld.

På Alvøra leirstad i Sogn var det «Følg meg- retreat» 18. - 22. september. Dette var det andre i ei rekkje på tre slike retreat. Det fylgjer Magnus Malm sitt konsept for ABC retreat. Fem prestar deltok på retreatet.

Årleg er òg fordjupingsseminaret. Torborg Aalen Leenderts føreleste over temaet «Gud og det vonde.» Det var meir enn 150 deltakarar på seminaret og fleire av dei prestar.

May Bente Matre er leiar for Senter for Åndeleg veiledning på Haraldsplass. På Stiftsmøtet i Ulvik i slutten av august, hadde ho ei temasamling med overskrifta: «Vårt åndelege liv».

Vi merkar ein aukande etterspurnad frå prestar etter åndeleg rettleiing. På Senter for åndelig veiledning har det vore omlag 60 samtaleimar med prestar dette året. Det er ei dobling frå året før.

3.6 ABV

I Bjørgvin har det dette året totalt vore åtte ABV-grupper med til saman 46 deltakarar, 41 prestar og fem diakonar.

- Tre av gruppene har vore tverrfaglege grupper som går over to år med til saman 66 timar rettleiing.
- To av gruppene har vore prostegrupper kor prostane har hatt regelmessig kollegarettleiing. Alle prostane er med på det.
- To av gruppene har vore ABV-rettleiargrupper kor rettleiarane rettleier kvarandre
- Ei gruppe har vore rettleiingsgruppe for fengselsprestane

Fem prestar har hatt individuell rettleiing over kortare eller lengre tid. Ved utgangen av 2013 hadde vi 14 godkjende ABV-rettleiarar. To av dei er prostar og ein har permisjon. Då året starta var talet rettleiarar 16, men to gjekk av med pensjon i laupet av våren. 1. november 2013 var ABV-vegleiarane samla til fagdag på Hotel Au-



Ytre Sogn prosti, der Lavik var prostesete, er historie etter at sokna i prostiet blei fordelte på tre andre prosti.

gustin i Bergen. Tema på fagdagen var: «Der fremtiden blir til – en fordypningsdag i et språkssystemisk/dialogisk paradigme for veiledning.»

Våren 2013 gjekk Helge Hitland av som personalprest, og på møtet i styringsgruppa i oktober var ny tilsett personalprest Bård Haukedal med for fyrste gong. Arbeidsretteleing er no obligatorisk for nyutdanna prestar. Det er eit signal om at vegleing er verdifullt, og har framtida for seg. Samstundes er det ikkje til å kome frå at talet på deltakarar i ABV ikkje heilt samsvarar med dei gode tilbakemeldingane ABV får. (Jfr. spørjeundersøkinga 2012). Det kan vere fleire årsaker til dette. Ei av dei kan vera tida som går med til reising til samlingane. Styringsgruppa vil arbeide vidare med korleis ein kan leggje best mogeleg til rette for deltaking.

3.7 Likestilling presteskapat

Resultatmål:

Motivere og leggje til rette for at fleire kvinner søker teneste som prestar i kyrkjelydane og leiarstillingar i kyrkja.

Indikator 1:

Del kvinner i faste prestestillingar.

Indikator 2:

Del kvinner i stilling som prost.

Delen av kvinner i presteteneste i Bjørg-

Kjønnsfordeling	2013		2012		2011	
	Kvinner	menn	kvinner	menn	Kvinner	Menn
Faste prestestillingar	18,5 %	81,5 %	16,6 %	83,4 %	17,1 %	82,9 %
Leiarstillingar (prost og biskop)	8,3 %	91,7 %	8,3 %	91,7 %	7,7 %	92,3 %
Lønnsfordeling (sokneprestar)	98 %		99 %			
Lønnsfordeling (leiarstillingar)	90 %		90 %			
Lønnsfordeling (kapellanar)	91 %		97 %			
Søknader	24	35				
Tilsettingar	5	20				

Tabell 3.3: Kjønnsfordeling prestestillingar og kvinnelege prestar si løn i prosent av mannlege prestar si løn. Kjønnsfordeling søknader og tilsettingar.

vin har auka, men vi ligg fortsatt under landsgjennomsnittet. Det er eit stykke omdømearbeid å gjere på dette området for å få fleire kvinnelege søkjarar. Det er ikkje 24 ulike kvinnelege søkjarar, eller 35 ulike mannlige. Fleire søkjarar går igjen på fleire stillingar.

Av seks kvinnelege søkjarar som ikkje fekk tilsetting i 2013, var tre ikkje ferdig med studiet ved tilsetting, ei trakk søknad, ei var innstilt som nummer to der kvinne blei tilsett og to blir tilsett når denne årsmeldinga blir lest.

På leiarstillingar har prosenten auka, med dette kan forklarast i at ein har lagt ned to prosti i perioden 2012-2013. Samstundes veit ein at vi mister vår einast kvinnelege prost med nedlegging av siste prosti i innsparingspakka. Det betyr at fokus på å auke talet kvinnelege prostar vil vere viktig i åra som kjem.

Det var i 2011 fokus på kvinner i lønsoppgjeret, mens ein i 2012 hadde fokus på eldre sokneprestar. Lønnsforskjellen mellom kjønna har likevel auka for totalen. Dette seier nok meir om alderssammansetting enn at kvinner ikkje har vore prioritert. For kapellanar blei forholdet betra frå 96 % til 97 % frå 2011 til 2012, men er no felle til 91 %. Dette biletet kjenner vi ikkje heilt igjen, og vil måtte analysere det nærmare, særleg på stillingar med lik ansiennitet.

Det har ved tilsettingane i 2013 i nokre tilfelle vore prioritert unge søkarar. Det har vore tilsett utanlandske søkjarar i ei stilling i 2013.

Vi meiner at vi har ein bevisst politikk på å ha ei god fordeling i presteskapat både på kjønn, alder og kulturell bakgrunn. Bjørgvin bispedøme har òg eit IA-perspektiv, og har tilsett prestar med funksjonsnedsetting.

3.8 Leing og samvirke

Resultatmål:

Bispedømerådet, biskopen og prostane skal sørge for god leing av prestenesta og leggja til rette for eit positivt samvirke mellom prestane, kyrkja sine valde organ og andre kyrkjeleg tilsette.

Indikator 1:

Delen av prestar som har hatt medarbeidarsamtale

Prostane melder at dei har hatt medarbeidarsamtaler med dei fleste prestane. Det er jamt over høge scorar frå prestane på at dei får god oppfølging frå prosten. Prostane hadde eit studieopplegg på læringsleing i 2012. Dette har ført til større bevisstheit rundt korleis ein brukar dei ulike arenaene der læring føregår i samvirke med medarbeidarane og mellom medarbeidarane i eit prosti. Særleg gjeld dette rundt arbeid med trusopplæringa. Prostane som har hatt prostibaserte studieopplegg melder også om positiv effekt av dette, då ikkje berre fagleg, men inn i kollegafellesskapen.

4. Forvaltning

Hovudmål:

Bispedømerådet skal stimulere til auka samarbeid mellom kyrkjelydane og mellom dei ulike forvaltningsnivåa i kyrkja.

Styringsparameter:

Funksjonell organisering, kostnadseffektiv forvaltning og brukarorienterte tenester.

4.1 Tilskotsforvaltning

Tilskot til kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk

Bjørgvin bispedømeråd fekk totalt tildelt kr 13.918.000, som er utbetalt til formåla undervisning, diakoni og kyrkjemusikk. Det var inga endring i talet på tilskotsberettigaste stillingar. Vi får tilskot til 17,3 kateketstillingar og 15 diakonstillingar. Tilskotet er fordelt etter same prinsipp som tidlegare år; kateketstillingar fekk 100% lønstilskot inntil eit tak på kr 585.000, diakonstillingar fekk 50% lønstilskot inntil eit tak på kr 285.000. Tilskotet til kyrkjemusikk, kr 150.000, er utbetalt til kyrkjemusikalsk arbeid ved Bergen domkirke. 2013 var eit år med fleire høyringar innan tilskotsforvaltning. Det er forventa at Kirkemøtet 2014 vedtar nye retningslinjer som vil vera gjeldande frå 2015. Departementet vil overføra ansvaret for tildelinga til Kirkerådet, men det er altså Kirkemøtet som skal vedta retningslinjer.

Trusopplæring

For 2013 fekk Bjørgvin ei tildeling på kr 27.637.000. Rekneskapen syner eit mindreforbruk på kr 194.920. Mindreforbruket søkjer vi overført til 2014. I 2013 innfasa vi to nye prosti; Hardanger og Voss, og Nordhordland. I tillegg vart Sælen menighet og Fyllingsdalen menighet innfasa.

Tilskot frå Opplysningsvesenets fond (OVF)

Totalt vart det søkt om kr 2.637.000 (mot kr 1.899.674 i 2012). Det vart fordelt kr 875.000 (mot kr 901.750 i år 2012). Bi-

spedømerådet prioriterte søknader knytt til satsingsområdet Ungdomsåret 2013.

4.2 Økonomiforvaltning

Kyrkjeleg administrasjon.

Resultatmål:

Funksjonell, kostnadseffektiv og brukarorientert forvaltning

Indikator 1:

Budsjett og rekneskap i balanse

Netto tildeling til kyrkjeleg administrasjon var kr 14.617.000. Resultatet for år 2013 vart eit mindreforbruk på kr 470.000. Dette er i underkant av det mindreforbruket vi hadde i 2012 (kr 522.000). Slik sett har vi hatt aktivitet i samsvar med tildelinga for 2013. Mindreforbruket er innanfor 5% av tildelinga og vi søkjer det overført til år 2014.

Presteskapet

Presteskapet fekk ei netto tildeling på kr 111.092.000. Det var tildelinga etter at det var gjort nedtrekk for meirforbruk i 2012, kr 513.000. Resultatet for 2013 vart eit mindreforbruk på kr 2.821.000. Bjørgvin har dei siste åra hatt trong for å «retta opp skuta» og det klarte vi i 2013. Vi brukte altså mindre enn den tildelinga vi hadde fått. Når det er sagt er det viktig å sjå på kvifor vi fekk mindreforbruk, det har si årsak i følgjande:

- Eit særst stramt budsjett, med påfølgjande stramt budsjettstyring
- Mange ledige stillingar i 2013, vakan-sar gav innsparing og handlingsrom.
- Høg sjukepengerefusjon, vel 3 mill, noko av det var uteståande frå 2012.

Med det klart for oss veit vi at dersom ikkje økonomiske rammer vert auka, må vi også for komande år ha fokus på eit nedtrekk av aktiviteten i Bjørgvin.

4.3 Miljøarbeid

Bjørgvin bispedømekontor er miljøfyrtårnverksemd. Kontoret vart resertifisert april 2013.

4.4 Bispedømekontoret

Kommunikasjon og samfunnskontakt

Resultatmål:

Utvikla velfungerande heimesider

Indikator:

Treff på heimesidene

Nettsidene og meldingsbladet Stiftsnytt er saman med fellesutendingar på e-post bispedømekontoret sine viktigaste kanalar for massekommunikasjon.

Besøkstala for

www.kyrkja.no/bjorgvin :

2013:	22.774 besøk, 7537 unike besøkjande
2012:	18.774 besøk, 6226 unike besøkjande


Nettsidene hadde ved årsskiftet om lag 1000 faste abonnentar på nytt frå nettsidene. Dette er i hovudsak tilsette i kyrkjelydane, soknerådsmedlemer og media. I tillegg til bispedømet si nettside, vart det laga eigne nettsider for ungdomsåret (unigbjorgvin.no) og Heilage Sunniva, eit konsert/reiseprosjekt i samarbeid med Festspillene i Bergen (heilagesunniva.no).

Stiftsnytt kom ut med ei utgåve i 2013 – tema var ungdomsåret

Sosiale medier

Biskopen er aktiv på facebook, twitter og bloggen «Halvorspraten». I 2013 hadde biskopen 29 innlegg på facebook (62 i 2012). Ni av innlegga handla om rettferd, menneskerettar, menneskeverd, bl.a. asyl for mindreårige asylsøkarar og klima. Fire saker var knytt til Ungdomsåret. Samlivsutvalet fekk to oppslag, vitasjar tre. Dei tre mest leste sakene var om diakonvigsel på Stord, eit forsvar av skulegudstenesta mot angrep frå Humanitisk Forbund og ei påskehelsing: *Jesus lever og ingen vet hva fremtiden kan bringe, annet enn at Han er der!*

På twitter ytra biskopen seg om lag 131 gonger (2012: 144). Tema var aktuelle saker knytt til ulike kyrkjepolitiske og samfunnspolitiske saker, hendingar han sjølv var med på, og fotball.



Stiftsnytt, med hovudtema ungdomsåret.

Presse

Biskopen har vore nemnt i om lag 783 registrerte presseklipp i 2013. I 2012 var talet 623. Hovudtyngda kom i avisene Dagen, Vårt Land, Bergens Tidende og Bergensavisen. Vi har ikkje gjort nokon grundig analyse av desse tala, men ser at klippa dekker mange ulike tema. Ungdomsåret, Johan Nordahl Brun-prisen og samliv var ein del av dei mest omtalte tema. I lokalaviser er visitasar godt stoff.

Av det meir kuriøse: Eit TV-program frå TVNorge fekk unge jenter i Oslo til å «konvertere» til Islam for å vinne billetter til konsert med Justin Bieber. Biskopen omtalte i Dagen dette som manglande respekt for kva trua betyr for folk. Dette vart referert i ei rekkje utanlandske medier frå Europa, India, Nord Korea, Afrika m.m., til saman 53 utanlandske medier.

Arbeidsmiljø og sjukefråvær på bispedømekontoret

Bjørgvin bispedøme har vore heldig å ha hatt medarbeidarar med lang fartstid. Siste arbeidsmiljøundersøking hausten 2013 viser òg at ein har eit godt arbeidsmiljø. Samstundes har ein hatt nokre utfordringar knytt til kapasitet og samspel i og mellom dei ulike seksjonane. Det vart difor gjort ei omorganisering til to avdelingar i 2013, og med nokre endringar knytt til einskilde stillingar.

Bispedømekontoret har hatt utskifting av fleire medarbeidarar både i 2012 og 2013. Tap av medarbeidarar med lang erfaring og stor kompetanse er utfordrande og har kravd ressursar til opplæring. Det har også gitt handlingsrom, som vi i 2013



Biskop Halvor

Jesus lever og ingen vet hva fremtiden kan bringe, annet enn at Han er der!



Biskopen er aktiv på Facebook og Twitter

særleg har nytta ved å ha inne vikar med ansvar for ungdomsåret 2013. Kapasiteten og arbeidsflyten vart betra på nokre område ved at vi hadde ei 100 prosent stilling framfor mindre stillingar.

Vi starta 2013 med å omorganisere frå tre seksjonar til to avdelingar. I praksis har denne omorganisering fungert godt. I desse endringane har presset på staben vore stort, men vi har samstunde opplevd fornying med nye folk inne. Biskopen sin 60-årsdag vart feira i slutten av februar. Dette blei gjort som ein dugnad der både bispedømeråd og stab var sterkt involverte. Likeeins var mange i staben, på tvers av avdelingane, med i gjennomføringa rundt Johan Nordahl Brun-prisen og samarbeidet med Festspela knytt til Heilage St Sunniva. Alle desse prosjekta var krevjande, men har òg vore med å skape samhold og stoltheit i staben.

Fokus på Ungdomsåret U2013 har òg vore med å samle staben og gje oppdrift i eit år der innsparingstiltaka på prestekapitlet har påverka arbeidssituasjonen også på kontoret. Skepsisen til Ungdomsåret ute i presteskapat blei snudd mellom anna ved prostivise samlingar. At ein kunne ha stiftsmøte i Ulvik i august, etter to år utan, var viktig både for presteskapat, fellesrådstilsette og dei tilsette ved bispedømekontoret. At heile staben deltok var viktig, og eit grep ein vil halde på framover.

Det blei gjennomført medarbeidarundersøking november 2013. På trivsel skårar ein høgt. I 2012 blei det særleg peika på informasjonsflyt, særleg mellom seksjonane som ei utfordring. Dette biletet er noko betre i 2013, det kan tyde på at ending av organisasjon har vore vellukka.

No er det i større grad eit ønske om større involvering frå nokre av fagområda som er etterspurt. Dette vil vi arbeide vidare med i 2014.

Sjukefråværet i 2013 er lågare enn 2012, men vi har hatt ei langtidssjukemelding og nokre kortare sjukemeldingar knytt til ryggplager. Tiltak på det siste har vore å skaffe hev-senk pultar til alle som treng det, og trimavtale for alle på kontoret. Det har og vore arrangert felles tiltak på å auke bruk av kollektive transportmiddel, sykling til jobb og bruk av trappene. Vi har ikkje gjennomført eigen vernerunde, men har løyst problema etter som dei har vore meldt.

Verksemdas rapportering på likestilling, diskriminering og IA (Kap. 1590)

Det har i 2013 vore 17,8 årsverk fordelt på 21 personar som var tilsett ved bispedømekontoret i Bjørgvin. Ei prosjektstilling har vore knytt til Ungdomsåret 2013, denne er ikkje tald med. Det var tre deltidstillingar i 2013, alle desse utgår frå 2014. Ein har lagt 20 % ungdomsrådgjevar inn i prosjektpreststillinga knytt til ungdomskatedralen St Jakob.

Diakonirådgjevar er også misjonsrådgjevar. Dette blir rekna som 100 % stilling, sjølv om det er eksternfinansiering i delar av stillinga (SMM). Likeeins måtte vi redusere rådgjevarstillinga for det grøne til 50 % midtvegs i året, då vi fekk reduksjon i ekstern finansiering.

Likestilling

I leiargruppa på fire, inkludert biskop, er

det berre ei kvinne. I og med omorganiseringa internt blei det to «toarar» på avdelingane, ein mann og ei kvinne, desse blei seniorrådgjevar og økonomisjef. Økonomisjef blir i etatsstatistikken tald som leiarstilling, og gjer at ein då får 50 prosent kvinner i leiarstilling. Vi vil òg meine at det er ligg eit likestillingsgrep i at vi har redusert talet på deltidsstillingar. Det gjer at vi får færre kvinner i statistikken, men totalt vil vi meine det har styrka likestillinga på kontoret med omsyn til stillingskategoriar og i forhold til gjennomsnittsløn for kvinner samanlikna med kva det var. Om ein ser på lønsutviklinga ved bispedømekontoret, så er

den på 3,6 prosent og er noko høgare enn andre bispedøme. Dette har mellom anna med omorganiseringa å gjere, og reduksjon i konsulent-stillingar til fordel for rådgjevar-stillingar. I etatsstatistikken ligg ei stilling feilplassert sidan økonomisjef slår inn som leiarstilling. Dette slår òg ut på lønsfordelinga på dei ulike stillingskategoriane. Det som kan sjå ut som ei svekking av kvinner si gjennomsnittsløn i prosent av menn si løn, ser annleis ut ved rett plassering av alle.

Vi har ingen tilsette med fleirkulturell bakgrunn. Av 27 søkarar på fire stillingar var det tre søkarar med utanlandsk bakgrunn, dansk, russisk og finsk. To av

desse vart innkalla til intervju, men ikkje tilsette. Ein søkarar var blind, men ikkje innkalla til intervju ut i frå formelle kompetansekrav til den aktuelle stillinga.

Vi vil meine at vi har bevisst politikk på å ha ei god fordeling både på kjønn, alder og kulturell bakgrunn i staben når vi tilset nye medarbeidarar. At ein er IA-bedrift blir og teke omsyn til ved tilsettingar både på kontoret og i prestskapet. I faste tilsettingar har det blitt tilsett to menn og to kvinner i 2013. I prosjektstilling, med redusert stillingsprosent, har det vore tilsett ei kvinne.

Det blei på slutten av 2012 gjennomført ei risikovurdering for drifta ved bispedømekontoret, denne har òg vore gjeldande for 2013. I 2013 utarbeidde ein også egne retningslinjer knytt til etiske problemstillingar og habilitet for verksemda. Og i arbeidet med Årsplan for 2014 er risikovurderingane tatt inn knytt til dei enskildde målområda og tiltak vurdert ut frå risikovurderingane.

Totalt er tala relativt stabile, og innanfor det vi vil meine er akseptalt. Ei tilsett hadde permisjon til studie i store delar av 2013. Sjukefråværet var hovudsakleg knytt til ei langtids sjukemelding. Bruk av midlertidige prosjektstillingar er ein balansegang mellom kostnad ved opplæring og avlastning på pressområde. Vi opplever at vi har hatt gode grep på dette området i 2013. Og moglegvis har det og resultert i lågare sjukefråvær. I alle fall har det vore viktig for auka trivsel og betre resultat på ulike viktige område i 2013.

IT

2013 var året der Kirkepartner IKT as vart etablert. Dei tok over for ovf-nett i sentral drift av vårt IT-system. I forhold til dagleg drift har vi ikkje opplevd vesentlege endringar i samband med dette skiftet. Den største utfordringa på IT-sida var ustabil tilgang til Portalen (reiserekningssystemet). Mange prestar har dessverre opplevd altfor stor tidsbruk og stor frustrasjon rundt denne problemstillinga.

Også for dei som hadde/har ansvar for desse oppgåvene i administrasjonen har dette tatt uforholdsmessig mykje tid. Tid vi ikkje har til disposisjon. Vi var innstilt på ekstra tidsbruk i ein innføringsfase, men ikkje når vi no har vore i drift i lang tid. I Bjørgvin vart det vi då kalla ESS innført i 2008. Det akutte problemet vart løyst like før jul med oppgradering av DFØ sitt system, men vi er ikkje trygge for at det er gitt ei permanent løysing.

Kjønnsfordeling - prosent 2013	Totalt		Leiarstillingar		Øvrige stillingar	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Alle tilsette	50%	50%	33%	67%	56%	44%
Tilsette heiltid	47%	53%	33%	53%	54%	46%
Tilsette deltid	67%	33%	0%	0%	67%	33%
Løn, gj. snitt (i kr 1000) og kvinners løn i prosent av menn si løn. (tal frå etatsstatistikken)	498		582		486 (Rådg)/ 402 (kons.)	
	83 % av menn si løn		89 % av menn si løn		96 % av menn si løn	

Tabell 4.1: Kjønnsfordeling tilsette og løn.

Kjønnsfordeling - utvikling	2013		2012		2011	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Alle stillingar	50%	50%	59%	41%	58%	42%
Leiarstillingar	33%	67%	33%	67%	33%	67%
Rådgjevarar	50%	50%	50%	50%	56%	44%
Konsulentar	100%	0%	100%	0%	100%	0%
Tilsette heiltid	47%	53%	56%	44%		
Tilsette deltid	67%	33%	67%	33%		
Søknader	13	14	17	6		
Tilsettingar	3	2	2	0		

Tabell 4.2: Kjønnsfordeling 2011 - 2013.

Bjørgvin 2013 Deltid, midlertidig, sjukefråvær, foreldreperm	Deltid		Midlertidig		Legemeldt fråvær		Foreldreperm.	
	K %	M %	K %	M %	K %	M %	K %	M %
2013	22%	11%	20%	10%	5%	1%	0%	3%
2012	18%	25%	27%	0%	3%	6%	10%	

Tabell 4.3: Fråvær 2013.



Mange kyrkjer byter ut nokre eller alle benkar med stolar som her i Sæbø kyrkje på Radøy. FOTO: BJØRGVIN BISPEDØMEKONTOR

4.5. Kyrkje- og kyrkjegardsforvaltning

I 2013 har biskopen hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjer:

Ombygging av kyrkjer. *Av desse var ei knytt til universell utforming (ute), tre var søknad om varmpumpe:*

Bygging nærare kyrkja enn 60 m: 11

Godkjenning av orgel/flygel: 5

Kyrkjetekstil: 12

Endringar i interiøret (*inkl. tre saker om lyssetting*): 14

Kunstnarleg utsmykking. *Tre av desse gjeld ikon, dette er relativt nytt:* 8

Benker/stolar 7

Tekniske installasjonar (*lerret, prosjektor*) 16

Brann- og sikringstiltak 4

Universell utforming (*inne*) 2

Andre saker (*bl.a. søknad om å leita etter Magnus Lagabøte si kiste i vegg på Domkirken og saker knytt til grunnlovsjubileet*). 7

I 2013 har Bispedømerådet hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjelov og gravferdslov:

Løyve til sokn om å få ta opp lån 5

Omreguleringendring av kyrkjegardar	10
Kyrkjegardsvedtekter	7
Fråsegn til kommunale planar	20
Klagesaker, to fekk medhald.	9
Godkjenning av ferdigstilt gravplass	1

4.6 Bispedømerådet

Bjørgvin bispedømeråd hadde i 2013 sju møte og handsama 101 saker.

Vedlegg til årsmeldinga

- Gjennomført program for biskopen 2013
- Etatstatistikkskjema
- Samlestatistikk for bispedømet (kjem 17. mars)
- Rapport Kyrkja i griségrende strøk
- Rapport konfirmantundervisning i små og store kull
- Rapport Ungdomsåret

Bergen, 3. mars 2014

Inger Helene Nordeide

Inger Helene Thingvoll Nordeide
leiar Bjørgvin bispedømeråd

Halvor Nordhaug

Halvor Nordhaug
biskop

Jan Ove Fjellveit

Jan Ove Fjellveit
stiftsdirektør

Årsrapport 2013

✠ BJØRGVIN BISKOP OG BJØRGVIN BISPEDØMERÅD

FOTO: JOY TAYLOR

Saman vil vi ære
Den treeinige Gud

- ved å forkynne Kristus,
byggje kyrkjelydar og
fremje rettferd

